

Rapport 6:2021

# Kvalitet på nett

Kartlegging av føresetnader for gode nett- og samlingsbaserte utdanningar i HYU



**Linn Synnøve Skutlaberg**

**Amund Eikrem**

**Inger C. Nordhagen**



Linn Synnøve Skutlaberg, Amund Eikrem og Inger Nordhagen

# Kvalitet på nett

KARTLEGGING AV FØRESETNADER FOR GOD NETTUNDERVISNING I HYU

---

Ideas2evidence rapport 6/2021



IDEAS2EVIDENCE  
Bygger kunnskap

© ideas2evidence 2021

ideas2evidence

Villaveien 5

5007 Bergen

Telefon: 91817197

post@ideas2evidence.com

Bergen/Oslo, mai 2021

ISBN 978-82-8441-002-9

# Forord

---

Denne rapporten presenterer hovudfunna frå ei kartlegging av fagskulane sine føresetnader for å tilby nett- og samlingsbasert utdanning av høg kvalitet. Kartlegginga er gjennomført av ideas2evidence på oppdrag frå Diku. Kartlegginga er basert på intervju med leiarar ved ei rekkje fagskular som tilbyr nett- og samlingsbaserte studium, og ei spørjeundersøking retta mot undervisarane i fagskulen.

Tema for kartlegginga er for det første undervisarane si kompetanse, praksis og haldningar til nettbasert undervisning. For det andre har vi undersøkt korleis institusjonane legg til rette for gjennomføring av god nettundervisning, gjennom leiinga av digitaliseringsprosessar, kompetanseutvikling og teknisk og pedagogisk støtte til undervisarane.

Rapporten er utarbeida av ideas2evidence. I tillegg til forfattarane, har Lisa Knatterud Wold bidrege i prosjektet med gjennomføring av intervju og analytiske innspel til rapportarbeidet. Diku har gjeve nyttige innspel gjennom heile prosjektet, og særskilt i samband med utvikling av intervjuguidar, spørjeskjema og utkast til sluttrapport.

Vi vil takke alle i fagskulesektoren som har bidrege med tid, erfaringar og synspunkt gjennom deltaking i intervju og spørjeundersøking.

Oslo/Bergen

Mai, 2021

# Innhold

---

Forord.....	5
Samandrag.....	8
<b>1 Innleiing.....</b>	<b>10</b>
Bakgrunn.....	10
Omfanget av nett- og samlingsbaserte studium .....	11
Oppdraget.....	13
Data og metodar .....	13
Leserettleiing .....	14
Bruk av omgrep i rapporten .....	15
<b>2 Kompetansekrav for å tilby nett- og samlingsbaserte utdanningar i HYU .....</b>	<b>16</b>
Lovfesta krav til kompetanse .....	16
NOKUT si tolking av krava .....	18
Oppsummering .....	19
<b>3 Undervisaranes kompetanse og erfaring med nettbasert undervisning.....</b>	<b>21</b>
Kva kjenneteiknar dei som underviser i nett- og samlingsbaserte studium? .....	21
Kva kompetanse og erfaring har dei som underviser i nett- og samlingsbaserte studium?.....	23
Nettpedagogisk kompetanse .....	24
Vurdering av eigen kompetanse og kompetansebehov.....	26
Oppsummering .....	29
<b>4 Organisering, praksis og haldningar .....</b>	<b>31</b>
Korleis er undervisninga organisert, og korleis vert ho lagt opp? .....	31
Undervisarane sine haldningar til nettundervisning .....	34
Oppsummering .....	38
<b>5 Fagskulanes tilrettelegging for kvalitet i nett- og samlingsbaserte utdanningar .....</b>	<b>39</b>
Betydning av institusjonell forankring i digitalisering av utdanninga .....	39
Stor merksemd om nett- og samlingsbasert utdanning.....	40
Eit mangfald av tilnærmingar.....	40
Strategisk forankring og leiarforankring.....	41

Ulike tilnærmingar til kompetanseheving .....	42
Tilgang på tekniske og nettpedagogiske støttesystem .....	44
Skilnader i kor systematisk og heilskapleg utdanningsinstitusjonane jobbar .....	46
Behov for bistand frå styresmaktene .....	49
Oppsummering .....	50
<b>6 Oppsummering.....</b>	<b>51</b>
Aukande, men framleis avgrensa formell nettpedagogisk kompetanse blant undervisarane .....	51
Nettpedagogisk kompetanse bør vidareutviklast.....	52
Kompetansehevingstilbod tilpassa høgare yrkesfagleg utdanning .....	53
<b>Litteratur .....</b>	<b>54</b>
<b>Vedlegg: Spørjeskjema .....</b>	<b>56</b>

# Samandrag

---

Denne rapporten oppsummerer hovudfunna frå ei kartlegging av kva føresetnader utdanningsinstitusjonar og undervisarar i høgare yrkesfagleg utdanning har for å tilby nett- og samlingsbaserte utdanningar av høg kvalitet. Kunnskapen skal danne grunnlag for å peike ut vegen vidare: Kva er dei viktigaste tiltaka som utdanningsinstitusjonane, men også styresmaktene, kan gjere for å styrke nett- og samlingsbaserte utdanningar?

## *Aukande, men framleis avgrensa formell nettpedagogisk kompetanse blant undervisarane*

Krava til undervisaranes kompetanse er nedfelt i tilsynsforskrifta til fagskulane og fortolka av NOKUT. Fagmiljø som tilbyr utdanningar der heile eller deler av undervisninga vert tilbydd på nett, skal ha pedagogisk kompetanse som er relevant for slike undervisningsformer. Krava kan oppfyllest gjennom formell eller ikkje-formell pedagogisk kompetanse som er særskilt relevant for å undervise på nett, eller ved at nokon i fagmiljøet har lang erfaring med å tilby nettbasert undervisning (uformell kompetanse).

Eit hovudfunn frå kartlegginga er at ein fjerdedel av dei som underviser på nett har formell nettpedagogisk kompetanse. Andelen har auka betydeleg dei siste to-tre åra, noko som indikerer at fagskulane har auka satsinga på formalkompetanse i nettpedagogikk.

## *Ikkje-formell nettpedagogisk opplæring er mest utbreidd*

Dei fleste som underviser på nett, seks av ti, har sitt kompetansegrunnlag frå ikkje-formell opplæring, det vil seie ikkje-poenggivande kurs og seminar. Kartlegginga seier ikkje noko om kva den ikkje-formelle opplæringa har bestått i, kvaliteten på opplæringa, eller kor omfattande den har vore. Men undervisarane vurderer at den ikkje-formelle opplæringa i avgrensa grad har bidrege til den nettpedagogiske kompetanse deira. Dersom fagskular vil satse vidare på ikkje-formelle kurs og seminar som kompetansehevingstiltak i nettpedagogikk, bør dei vere merksame på at kvaliteten og omfanget av opplæringa er god nok.

Det er òg mange undervisarar i nett- og samlingsbaserte utdanningar som har fleire år erfaring med nettundervisning som grunnlag for si kompetanse. Fleire enn fire av ti har minst tre år erfaring.

Samstundes viser kartlegginga at ein av fem av dei som til vanleg undervisar på nett verken har formell eller ikkje-formell nettpedagogisk utdanning, samstundes som dei har færre enn tre år erfaring med nettundervisning.

## *Nettpedagogisk kompetanse bør vidareutviklast*

Etter vår vurdering, syner kartlegginga at sjølv om pedagogisk kompetanse til å tilby nett- og samlingsbasert utdanning har auka dei siste åra, bør kompetanseheving framleis prioriterast i åra som kjem. Svært mange av undervisarane ynskjer meir kompetanse, og mange er motiverte for å vidareutvikle nett- og samlingsbaserte utdanningar. Å vidareutvikle kompetansen inneber ikkje berre å tilby fleire undervisarar formell og ikkje-formell opplæring, men også å sikre at kvaliteten på opplæringa som vert tilbydd er relevant og av høg kvalitet.



### *Utdanningsinstitusjonane må setje i verk fleire kvalitetshevande tiltak samtidig*

Kartlegginga viser at skuleleiarar i utdanningsinstitusjonane som tilbyr eller planlegg å tilby nett- og samlingsbaserte utdanningar, i all hovudsak er opptekne av kvalitetsutvikling, og har iverksett konkrete tiltak for å styrke desse utdanningane. Det er likevel stor variasjon i kor systematisk utdanningsinstitusjonane jobbar, og om innsatsen kan kallast heilskapleg ved at innsatsen vert retta mot fleire områder samstundes.

Undervisarane opplever at det å prøve seg fram, å diskutere nettpedagogiske problemstillingar med kollegaer, og å delta i digitale utviklingsprosjekt, er noko av det dei opplever som mest verdifullt for å vidareutvikle eigen nettpedagogiske kompetanse. Det syner kor viktig det er at skuleleiarane, både på avdelingsnivå og institusjonsnivå, legg til rette for systematisk kvalitetsutvikling også i det daglege arbeidet.

Vår vurdering er at trass i fleire positive funn, har mange av utdanningsinstitusjonane framleis ein veg å gå i sitt arbeid med å legge til rette for høg kvalitet i nett- og samlingsbaserte utdanningar. Innsatsen i tida som kjem bør særleg rettast mot kompetanseutvikling og å sikre tenlege støttesystem for pedagogisk og didaktisk råd og rettleiing.

### *Kompetansehevingstilbod tilpassa høgare yrkesfagleg utdanning*

Mange av skuleleiarane meiner utdanningsinstitusjonane overordna sett har gode føresetnader for å drive kvalitetsutvikling i nett- og samlingsbaserte utdanningar. Fleire peikar likevel på at økonomien deira er stram, og at handlingsrommet når det gjeld å etablere støttefunksjonar og å tilby gode kompetansehevingsordningar er avgrensa. Eit viktig innspel frå skuleleiarane er å få etablert fleire praktisk-pedagogiske utdanningar som er tilpassa undervisning i høgare yrkesfagleg utdanning, der kurs i nettpedagogikk er integrert.

Kartlegginga gjev også indikasjonar på at utdanningsinstitusjonane har behov for betre oversikt over formelle vidareutdanningstilbod i nettpedagogikk, og at det vert gjort tiltak for å sikre at slike tilbod er relevante for fagskolesektoren og held høg kvalitet.

# 1 Innleiing

---

Denne rapporten oppsummerer funn og analysar om den digitale tilstanden i høgare yrkesfagleg utdanning. Rapporten er basert på ei kartlegging blant fagskuleleiarar og dei som underviser i fagskulane, vinteren 2021, og oppdraget er gjennomført for Diku. Kartlegginga må sjåast i samheng med at stadig fleire høgare yrkesfaglege utdanningar vert tilbydd som nett- og samlingsbaserte studium, og at det er stor merksemd om å utvikle fleksible studietilbod for vaksne av høg kvalitet. I samband med covid-19-pandemien har mykje av den stadbaserte opplæringa også vorte organisert som nettbasert undervisning, og det har medført at fleire undervisarar har fått erfaring med digital undervisning. Derfor er kartlegginga gjennomført blant alle undervisarar i fagskulane.

Kartlegginga gjev på den eine sida kunnskap om undervisaranes kompetanse, praksis og haldningar til nettbasert undervisning. På den andre sida viser kartlegginga utdanningsinstitusjonanes tilnærming til å tilby nett- og samlingsbasert utdanning, så som institusjonell forankring og leiing av digitaliseringsprosessar, og korleis skulane legg til rette for kompetanseutvikling og for å støtte undervisarane både teknisk og pedagogisk i undervisningskvardagen. I tillegg gjev kartlegginga kunnskap om kva undervisarar og fagskular har behov for av kompetansehevingstilbod og andre former for støtte frå styresmaktene.

## Bakgrunn

---

Fagskulesektoren har fått stor politisk merksemd dei siste åra. Den offentlege utgreiinga *Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg* (NOU 2014:14) er eit tidleg, men sentralt grunnlagsdokument. Utvalet bak utgreiinga peika på ei rekke utfordringar med fagskuleutdanningane. Det var mellom anna behov for å styrke kvaliteten i utdanningane, å auke arbeidslivets eigarskap til utdanningane, og at styresmaktene, arbeidslivet og fagskulane tar eit felles ansvar for å gjere eit naudsynt løft.

Som ei oppfølging av utgreiinga, kom regjeringa med fleire konkrete tiltak for å auke kvalitet, relevans og status i fagskuleutdanningane i Meld. St. 9 (2016-2017) *Fagfolk for fremtiden*. Hovudmålet var nettopp å sikre fagskuleutdanningar av høg kvalitet og tilpassa arbeidslivets behov. Ei av prioriteringane har vore å sikre fagmiljø kjenneteikna av høg, relevant og arbeidslivsnær fag- og yrkeskompetanse, og formell pedagogisk kompetanse. Av særleg relevans for denne kartlegginga, er at meldinga peikar på eit dårleg samsvar mellom kor mange fagskuleutdanningar som vert tilbydd på nett og kva kompetanse undervisarane her om pedagogisk bruk av teknologi og digitale verktøy for undervisning og læring. Meldinga presiserte at ansvaret for utdanningskvalitet ligg hjå den enkelte utdanningsinstitusjon, men at departement, fylkeskommune, og skuleeigarar kan og bør bidra. Av konkrete tiltak som vart nemnt i meldinga, var ei ordning med statlege, søkbare utviklingsmidlar for betre tilrettelegging av fleksible og nettbaserte utdanningar, og å vurdere tiltak for å styrke den generelle pedagogiske kompetansen til dei tilsette i fagskulane. Den første delrapporten om evaluering av fagskulemeldinga viser at dei fleste tiltaka knytt til kompetanse i all hovudsak er gjennomført (Deloitte, 2021).

Fagskulane har også vorte framheva særskilt for å nå måla i den nasjonale kompetansopolitikken. Hovudmåla med *Kompetansereformen – Lære hele livet* (Meld. St. 14 (2019-2020)) er at alle skal få moglegheit til å fornye og supplere kompetansen sin, og å tette gapet mellom den kompetansen arbeids- og næringsliv treng og den kompetansen arbeidstakarane faktisk har. Bakgrunnen er at det

dei siste åra har vorte via stor politisk merksemd til eit stort og aukande kompetansegap i norsk arbeidsliv, mellom verksemdene sine behov og arbeidstakarane si kompetanse (KD, 2020). Etter- og vidareutdanningsutvalet peika på at det manglar eit tilstrekkeleg relevant tilbod av arbeidslivsretta og fleksible opplærings- og utdanningstilbod, og anbefalte å styrke utdanningstilbodet definert av arbeidslivets behov (NOU 2019:12). Kompetansegapet har vorte større som konsekvens av auka omstillingstakt. Dette er særleg ei utfordring i distrikta, der det er større avstand til utdanningstilbod, og fysisk oppmøte er meir krevjande (KMD, 2020). Samstundes har den teknologiske utviklinga opna for nye løysingar og utvida tilbod av nettbaserte utdanning. Det er i tråd med gjeldande politikk å ta i bruk desse løysingane (Regjeringen, 2017). Det gjeld også i høgare yrkesfaglege utdanningar.

Den auka merksemda om høgare yrkesfagleg utdanning gjennom fleire år, har ført til at mykje er i endring i sektoren. Studenttala har dobla seg sidan 2011 (SSB, 2021), og berre i perioden 2018-2020 auka talet på studentar med 40 prosent, frå 16.700 til 23.300 studentar. Samstundes har talet på utdanningsinstitusjonar gått ned dei siste åra, som følgje av samanslåingar og oppkjøp.

Det er også endringar i reguleringa av utdanningane. 1. august 2020 tråtte ny tilsynsforordning i kraft, og i statsråd 26. mars 2021 vart det vedtatt endringar i fagskulelov og forordning. Proposisjonen skal handsamast i Stortinget våren 2021 (Kunnskapsdepartementet, 2021; Stortinget, 2021). Styresmaktene vil våren 2021 lansere ein eigen fagskulestrategi, og i løpet av dei neste tre åra skal 42 studieplanar reviderast i regi av Nasjonalt fagskuleråd.

Samla sett er høgare yrkesfagleg utdanning på veg mot å verte ein større og viktigare del av norsk utdannings- og kompetansepolitikk, og det er iverksett ei rekke verkemiddel for å utvikle både omfang og kvalitet. Kartlegginga er såleis gjennomført i ein periode der sektoren og skulane gjennomgår store endringar på ulike område. I tillegg har covid-19-pandemien ført til at fleire skular og undervisnarar tilbyr nettbasert undervisning, og at fleire har synspunkt og opplevingar knytt slik undervisning. Vi kan anta at det fører til fleire synspunkt på digitalisering for kvalitet i fagskuleutdanningar, og at det gjev eit anna utgangspunkt for den vidare utviklinga etter pandemien. Kartlegginga gjev likevel ikkje svar på i kva grad erfaringar og haldningar er meir positive eller negative som følgje av auka bruk av nettbasert undervisning under pandemien, eller kva det vil ha å seie for vidareutviklinga av innhald, implementering og kvalitetsutvikling i nett- og samlingsbaserte studium i åra som kjem.


## Omfanget av nett- og samlingsbaserte studium

Kva veit vi så om omfanget av dei nettbaserte utdanningane i høgare yrkesfagleg utdanning? Dei siste åra har styresmaktene skilt tydeleg mellom [stadbaserte studium](#), som vert tilbydd fysisk på campus, [nettbaserte studium](#), som vert tilbydd som reine nettstudium, og [samlingsbaserte studium](#) som kombinerer nettundervisning med fysiske samlingar. Tal frå fagskulestatistikken i 2020 frå Databasen for høgare utdanning viser at det er flest studentar i dei stadbaserte utdanningstilboda (DBH-F, 2021). Men som figur 1 viser, er trenden likevel at andelen studentar i nett- og samlingsbaserte studium aukar. I 2020 gjekk halvparten av studentane i stadbaserte utdanningar, medan resten fordelte seg ganske likt mellom reint nettbaserte utdanningar og samlingsbaserte utdanningar.<sup>1</sup> Det var likevel ein liten overvekt av studentar i samlingsbaserte utdanningar.

---


<sup>1</sup> Merk at i 2020 vart det også registrert ein ny kategori i datasettet, «enkeltemne», som dette året utgjorde 2 prosent av studentane. Derfor summerer ikkje tala for 2020 i figuren til 100.

Figur 1: Andel studentar i ulike utdanningsformer. Kjelde: NSD



I figur 2 har vi sortert fagområda frå størst til minst, når det gjeld talet på studium. Særleg innan tekniske fag og økonomiske og administrative fag er nett- og samlingsbaserte studium utbreidd.<sup>2</sup> Innan tekniske fag er samlingsbaserte studium utbreidd og innan økonomisk-administrative fag vert det tilbydd mange reine nettbaserte studium. Helse- og velferdsfaga og dei kreative faga er i stor grad stadbaserte.

Figur 2: Utdanningsform innan ulike fagområde. Kjelde: NSD



I 2020 tilbød 40 prosent av fagskulane minst eitt nett- eller samlingsbasert studium. Det utgjør 25 fagskular, og dei omfattar både små og store, privat eigde og offentlege fagskular. Med eitt par unntak, tilbyr alle fagskulane med fleire enn 500 studentar nett og- eller samlingsbaserte studium. Likevel viser desse tala at ei rekke fagskular, gjerne dei som er litt mindre, ikkje tilbyr nett- og samlingsbaserte utdanningar i det heile tatt. Kartlegginga viser med andre ord status for færre enn halvparten av fagskulane, men samstundes for mange og stadig fleire studentar og undervisarar - særskilt i studium innan tekniske fag og økonomisk-administrative fag. Gitt at etterspurnaden etter fleksible utdanningar held seg like høg som i dag, er tematikken i kartlegginga relevant for heile sektoren.

<sup>2</sup> Vi gjer merksam på at det er langt fleire studentar i dei tekniske faga enn i dei andre fagområda; om lag 40 prosent av alle fagskulestudentane tek eit teknisk studium. Helse- og velferdsfag har det nest-størst i talet på studentar, dernest kjem kreative fag og økonomisk-administrativ fag.

## Oppdraget

---

Formålet med kartlegginga har vore å styrke kunnskapen om kor godt rusta høgare yrkesfagleg utdanning er til å tilby nett- og samlingsbasert undervisning. Sentrale kartleggingsspørsmål har vore kva for relevant kompetanse undervisarane har til å undervise i nettbaserte studium, kva dei ynskjer meir kompetanse i, og kva former for kompetanseheving dei føretrekk. Andre viktige spørsmål har vore korleis undervisarane legg opp den nettbaserte undervisninga si, kva haldningar dei har til nettbaserte studium, og i kva grad undervisarane opplever støtte frå sin arbeidsgjevar til å utvikle dei nettbaserte studia.

På institusjonsnivå har vi konsentrert oss om fagskular som tilbyr nett- og samlingsbaserte studium utanom covid-19-pandemien. På dette nivået har det vore sentralt å undersøke kva slags kompetansehevingstilbod og støttesystem fagskulane tilbyr sine tilsette, og kor systematisk og heilskapleg fagskulane jobbar med å sikre kvaliteten i dei nettbaserte studia. Vidare har vi spurt om korleis fagskulane vurderer eigne rammevilkår for å jobbe godt med å vidareutvikle tilbod og kvalitet i nett- og samlingsbaserte utdanningar, og om det er noko styresmaktene kan gjere for å leggje vilkåra betre til rette.

## Data og metodar

Oppdraget starta med ein kort forstudie beståande av dokumentstudiar og bakgrunnsintervju, medan sjølve kartlegginga i sektoren er gjennomført ved hjelp av kvalitative intervju med fagskuleleiarar ved eit utval fagskular samt ei spørjeundersøking blant alle som underviser ved fagskulane.

### *Forstudie*

I ein kort forstudie, tok vi for oss kva kompetansekrav som vert stilt til fagskulane som tilbyr nett- og samlingsbaserte utdanningar, og kva for omgrep som vert nytta i sektoren om denne kompetansen. Forstudien vart gjennomført ved hjelp av dokumentstudiar og bakgrunnsintervju med fagpersonar frå Diku og NOKUT. Forstudien resulterte i eit internt notat, og delar av dette utgjer kapittel 2 i denne rapporten.

### *Intervju med fagskuleleiarar*

Det vart gjort intervju på video eller telefon med totalt 29 informantar ved til saman 18 fagskular i perioden 11.-26. januar. For å identifisere utval for intervju, fekk vi informasjon frå Diku om totalt 61 utdanningsinstitusjonar som hadde utdanningstilbod hausten 2020. Blant desse var det 24 som tilbydde nett- og samlingsbaserte studium. Vi valte å kontakte 17 av desse, samt ytterlegare ein skule som har konkrete planar for å etablere nett-/samlingsbaserte studium. Ved to av dei 17 skulane, valte vi å etterspørje eit eige intervju med avdelingsleiarar, i tillegg til intervju med fagskuleleiarar. Hensikten var blant anna å få med perspektiv frå fleire studiestader i nokre av skulane som nyleg er samanslåtte.

Intervjuførespurnaden gjekk til rektor for den enkelte fagskule, men hen vart gitt moglegheit til å delegere intervjuet vidare til andre leiarar eller fagpersonar med særskilt ansvar for fagskulens nett- og samlingsbaserte utdanningstilbod. Det førte i praksis til at vi ved fleire skular intervjuar rektor saman med ein annan leiar eller fagperson med eit særskilt ansvar for nettbasert undervisning, og i nokre

tilfelle berre med andre tilsette enn rektor. Til saman intervjuar vi 14 rektorar, medan dei resterande 15 informantane var assisterande rektorar, avdelingsleiarar, fagleiarar og andre ressurspersonar med særskilt ansvar for nettstudium.

### *Spørjeundersøking blant undervisarar*

For å kartlegge kompetanse og haldningar blant undervisarane, har vi gjennomført ei spørjeundersøking. Spørjeskjemaet vart utvikla av ideas2evidence, med rådgjeving og kvalitetskontroll frå Diku. Fire fagskulelærarar vart rekrutterte for pilottesting av skjemaet, og gav sine innspel til utforminga<sup>3</sup>.

Målpopulasjonen for undersøkinga var undervisarar i fagskulen. Vi kontakta respondentane direkte på e-post, basert på ei adresseliste som var samanstillt av Diku. Adresselista bestod av 1431 gyldige e-postadresser, til personar tilsett ved 51 ulike fagskular. Dette er truleg ein betydeleg del av, men ikkje alle, undervisarane. Ein del av respondentane, om lag to tredeler, hadde e-postadresser som var tilknytt fagskulen dei arbeider ved, og på desse adressene er svarraten noko høgare (50 prosent) enn på dei andre adressene (36 prosent)<sup>4</sup>.

Invitasjon til undersøkinga vart sendt 16. februar. Dei som ikkje allereie hadde svart, fekk to påminningar i dei påfølgande vekene<sup>5</sup>. Undersøkinga vart avslutta 15. mars. På det tidspunktet hadde 665 personar frå 49 ulike fagskular svart, noko som gjev ein svarprosent på 46,5.

Vi samla svar frå undervisarar både i stadbaserte, nett- og samlingsbaserte studium. Ei lita gruppe av respondentar driv ikkje med undervisning, men er tilsett i leiarstilling eller som fagleg ansvarlege. Desse fekk eit kortare skjema enn dei som driv med undervisning.

I dei fleste analysane har vi skilt mellom dei som underviser i eit nett- og/eller samlingsbasert studium uavhengig av covid-19-pandemien, og dei som kun underviser på nett under pandemien. Grunnen er at vi kan anta at det er store skilnader mellom desse gruppene både når det gjeld kompetanse, haldningar og praksis til nettbasert undervisning. I nokre tilfelle peikar vi også på skilnader mellom dei som underviser i reine nettbaserte studium, og dei som underviser i samlingsbaserte studium.

## Leserettleiing

---

I **kapittel 2** vert det gjort greie for kompetansekrava i gjeldande tilsynsforskrift, og korleis NOKUT har fortolka desse krava i sitt arbeid med akkreditering av nett- og samlingsbaserte fagskuleutdanningar.

**Kapittel 3** presenterer resultat frå spørjeundersøkinga om undervisaranes kompetanse, erfaring og kompetansebehov knytt til nettbasert undervisning

**Kapittel 4** oppsummerer funn om undervisaranes praksis og haldningar til nettbasert undervisning.

---

<sup>3</sup> Piloteringa resulterte i justeringar av skjemaet, og svar frå pilotrespondentane er ikkje inkluderte i rapporten.

<sup>4</sup> Dette skiljet er gjort på bakgrunn av e-postdomene. Adressene som ikkje kunne knytast til fagskulen var typisk private adresser, eller adresser tilknytt andre verksemder eller organisasjonar.

<sup>5</sup> Påminningar vart sendt ut 23. februar eller 2. mars avhengig av avvikling av vinterferie i området der fagskulen er basert. Alle som ikkje hadde svart, fekk påminning 9. mars.

**Kapittel 5** presenterer korleis eit utval høgare yrkesfaglege utdanningsinstitusjonar jobbar med å vidareutvikle sine tilbod om nett- og samlingsbaserte studium, med særskilt vekt på kompetanseheving, støttesystem og leing av digitaliseringsprosessar.

**Kapittel 6** presenterer ein overordna diskusjon og analyse av resultatane frå kartlegginga.

## Bruk av omgrep i rapporten

**Stadbaserte, nettbaserte og samlingsbaserte studium.** Når vi refererer til ulike utdanningsformer, viser vi til dei tre omgrepa som er etablert i høgare yrkesfagleg utdanning om dette: *stadbaserte studium*, *nettbaserte studium* og *nettbaserte studium med samlingar*. I rapporten har vi forenkla den siste forma til *samlingsbaserte studium*, for å gjere språket i rapporten enklare. *Stadbaserte studium* vert tilbydd fysisk på campus, *nettbaserte studium* vert tilbydd som reine nettstudium, og *samlingsbaserte studium* kombinerer nettundervisning med fysiske samlingar.

**Formell, ikkje-formell og uformell kompetanse.** I omtalen av ulike formar for kompetanse, nyttar vi omgrepet *formell kompetanse* om studiepoenggivande utdanningar, enten det er kortare kurs eller lengre utdanningar. Vidare nyttar vi omgrepet *ikkje-formell kompetanse* om kurs, opplæring, seminar, forelesningar og konferansar der opplæring er hovudformålet med deltakinga, men som ikkje gjev formell kompetanse for eksempel i form av studiepoeng. Dette er den same definisjonen som vert brukt i *Kompetansereformen – Lære hele livet* (Meld. St. 14 (2019-2020), side 13). Til sist brukar vi *uformell kompetanse* om den læringa som kan kallast «kvardagslæring». I Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (KD, 2011, side 36) er uformell kompetanse definert som «resultatet av ikkje organisert læring som har funnet sted utenfor det formelle systemet. Læringsaktiviteten kan karakteriseres som hverdagslæring fra de ulike situasjoner en person deltar i, gjennom hjem, skole, arbeidsliv og samfunnsdeltakelse.» I Meld. St. 14 vert omgrepet «læringsintensivt arbeid» nytta i staden for uformell læring eller læring i det daglege, og det læringsintensive arbeidet vert omtala som «arbeid som både stiller høye krav til læring i det daglige og gjev gode muligheter til læring i det daglige».

**Verktøykompetanse og nettpedagogisk kompetanse.** I omtalen av kompetansar som er særskilte for å tilby nettbaserte utdanningar, skil vi mellom «verktøykompetanse», som handlar om kunnskap og evne til å bruke digitale verktøy, og «nettpedagogisk kompetanse» om den særskilte pedagogiske kompetansen som er naudsynt for å gje læringsutbytte i nettbasert undervisning.

## 2 Kompetansekrav for å tilby nett- og samlingsbaserte utdanningar i HYU

---

*Eit sentralt tema i denne kartlegginga er kva kompetanse som finst i høgare yrkesfagleg utdanning for å tilby nett- og samlingsbaserte utdanningar. I dette kapitlet gjer vi greie for kompetansekrava i gjeldande tilsynsforskrift, og korleis krava som gjeld nett- og samlingsbaserte utdanningar har utvikla seg gjennom forskriftsendringa i 2020. I denne utgreiinga tek vi mellom anna for oss korleis bruken av omgrepet «digital kompetanse» har endra seg, og viser korleis det heng saman med omgrepet «nettpedagogisk kompetanse». Vidare tar vi for oss NOKUT si fortolking av dei krava til nett- og samlingsbaserte utdanningar som gjeld i den nye forskrifta.*

### Lovfesta krav til kompetanse

---

Gjeldande fagskuletilsynsforskrift tråtte i kraft 1. august 2020, og erstattar den forskrifta som gjaldt frå 25.10.2018.<sup>6</sup> Sidan begge forskriftene har vorte brukte i akkreditering av utdanningar som vert tilbydd i dag, er det relevante å gjere greie for krav i begge forskriftene. Som vi skal sjå, inneber forskriftsendringa også at måten å forstå krava til fagmiljø som tilbyr nett- og samlingsbaserte utdanningar på, har utvikla seg.

I den gamle forskrifta er kompetansekrava til fagmiljø som tilbyr høgare yrkesfagleg utdanning formulerte i § 3-5 (1), slik:

*Undervisningspersonalets sammensetning og samlede kompetanse skal være tilpasset utdanningen slik den er beskrevet i studieplanen.*

*Undervisningspersonalet må samlet ha følgende kompetanse:*

- a) Formell utdanning minst på samme nivå som det undervises i, innen det aktuelle fagområdet eller nærliggende fagområder. (...)*
- b) Pedagogisk kompetanse relevant for utdanningen. Minst én person skal ha formell pedagogisk utdanning og erfaring, og et særlig ansvar for utdanningens pedagogiske opplegg.*
- c) Digital kompetanse relevant for utdanningen.*
- d) Relevant og oppdatert yrkeserfaring.*

Som utdraget syner, vart det i den gamle tilsynsforskrifta stilt krav om at fagmiljøet samla sett skulle ha fire typar kompetansar. Fagkompetansen i undervisningsfaget og den pedagogiske kompetansen skulle vere formell. Det vart også presisert at det er den personen som har ansvar for det pedagogiske

---

<sup>6</sup> Merk at forskrifta også vart endra i 2018. Dette medførte ingen endringar i krava til pedagogisk eller digital kompetanse.



opplegget i utdanninga som skulle ha formell pedagogisk kompetanse. Det fanst ikkje nokon tilsvarande presisering av kven som skulle ha den formelle fagkompetansen.

**Figur 3: Digital kompetanse definert i rettleiing til tilsynsforskrift frå 2014**



Det vart også stilt krav om at fagmiljøa skulle ha digital kompetanse. Som vi ser av utdraget over, vart den pedagogiske og den digitale kompetansen omtalt i ulike ledd, utan antydning til at dei hang i hop på nokon måte. Men i NOKUT si rettleiing til denne forskrifta (NOKUT, 2014) vart digital kompetanse definert som kompetanse og erfaring med nettpedagogikk, og med bruk av verktøy for gjennomføring av nettdanning. Vi har illustrert korleis omgrepa heng i hop i denne definisjonen, i figur 3.

I den nye tilsynsforskrifta som tråtte i kraft i 1.august 2020, vert det stilt krav om tre typar kompetansar. Det kjem fram i første ledd av § 2-3:

*Fagmiljøets størrelse og kompetanse skal stå i forhold til antallet studenter og utdanningens innhold og egenart. I fagmiljøet skal det finnes personer med utdanning minst på fagskolenivå, utdanningsfaglig kompetanse og oppdatert yrkeserfaring.*

Av dei fire påkravde kompetansane i den førre tilsynsforskrifta, er det den digitale kompetansen som her er utelaten. Det digitale aspektet er derimot lemma inn i definisjonen av utdanningsfagleg kompetanse, slik det vert omtala i § 1-2 i den nye forskrifta:

*utdanningsfaglig kompetanse: kompetanse i å fremme studenters læring, kan bestå av pedagogisk, didaktisk, digital eller annen relevant kompetanse.*

Det betyr at mens det i den gamle forskrifta ikkje kom fram at det er eller bør vere ein samanheng mellom den pedagogiske og den digitale kompetansen, er digital kompetanse trekt fram som ein av fleire moglege komponentar av «utdanningsfagleg kompetanse» i den nye forskrifta. Nettpedagogisk kompetanse vert ikkje nemnt.

**Figur 4: Utdanningsfagleg kompetanse**



I informasjonsskrivet som NOKUT (2020) sendte til fagskulane i samband med forskriftsendringa, grunngjev NOKUT denne endringa med at digital kompetanse på grunn av utviklinga i samfunn og teknologi, er ein for grunnleggjande og generell kompetanse til å kunne reknast som eit tydeleg (sjølvstendig) krav. Det er snarare ein del av den utdanningsfaglege kompetansen. Samanlikna med kravet frå før forskriftsendringa, om at undervisningspersonellet måtte ha «digital kompetanse relevant for utdanningen», er den nye forskrifta tydlegare

på at digital kompetanse skal ha ein *pedagogisk nytteverdi*.

Dei to siste ledda i § 2-3 i den nye tilsynsforskrifta slår fast at fagskulane sjølv har ansvar for å fastsette kravet til kompetanse for kvart enkelt studietilbod, og sikre naudsynt kompetanseutvikling.

*Fagskolen skal fastsette egne krav til fagmiljøets størrelse, kompetanse og sammensetning.*

*Fagskolen skal sikre at fagmiljøet får nødvendig kompetanseutvikling.*

Fastsettninga av kompetansekrav for den enkelte utdanning skal vere basert på faglege vurderingar av kva kompetanse det er behov for, for å gi god opplæring i studieplanen. Reint formelt skjer det ved at skulane sjølv utviklar kravspesifikasjon for den enkelte utdanning. At fagskulane må legge fram ein slik kravspesifikasjon, er ikkje nytt. Det er også omtalt i rettleiinga til den gamle forskrifta (NOKUT, 2014, s. 34). Skilnaden frå tidlegare er likevel at utdanningsinstitusjonane sjølv må vurdere og grunngje kva for fagleg og pedagogisk kompetanse som er naudsynt i utdanningane dei tilbyr, og at denne argumentasjonen er gjenstand for vurdering frå NOKUT.

## NOKUT si tolking av krava

---

I 2016/2017 førte NOKUT tilsyn med ni utdanningsløp ved ulike tekniske fagskular. I den oppsummerande rapporten frå desse tilsyna, peika NOKUT mellom anna på at skulane i stor grad fokuserte på verktøykompetanse når dei skulle dokumentere den digitale kompetansen til undervisarane. Pedagogisk eller didaktisk kompetanse for å sikre at studentane får eit godt læringsutbytte i nett- og samlingsbaserte utdanningar (nettpedagogisk kompetanse), vart i for liten grad vektlagt. Som vi nemnde ovanfor, definerte NOKUT digital kompetanse på denne tida som både nettpedagogisk kompetanse og verktøykompetanse (NOKUT, 2014). Men kor kjem den nettpedagogiske kompetansen til uttrykk i gjeldande forskrift?

Dei krava som vert stilt i lovverket til pedagogisk kompetanse, både i førre og gjeldande tilsynsforskrift, er forholdsvis breitt og rundt formulerte. Grunnen kan vere at det er så mange og ulike typar utdanningar som vert omfatta av lovverket. For å forstå korleis kravet vert fortolka i praksis i dag, kan vi sjå på andre dokument der NOKUT handsamar krava.

Vi ser først til informasjonsskrivet som NOKUT sendte til fagskulane i samband med forskriftsendringa i august 2020. I dette dokumentet vert kravet om pedagogisk kompetanse knytt til nettbasert utdanning kommentert, men i nokså generelle termar (NOKUT, 2020, s. 9):

*Utdanningsformen vil [også] kunne ha en påvirkning på hvilken kompetanse som er nødvendig i fagmiljøet. En stedbaset utdanning vil for eksempel kreve en annen pedagogisk kompetanse enn en ren nettbasert utdanning når det gjelder undervisningsmetoder, vurderingsformer med videre.*

NOKUT (2020, s. 11) gjev også ei ramme for kva dei vurderer som tilstrekkeleg pedagogisk kompetanse for nettbaserte utdanningar. Omtalen i neste avsnitt er også nokså generell, men gjer det likevel klart at NOKUT vurderer at uformell nettpedagogisk kompetanse kan vere tilstrekkeleg:

*For å oppfylle kravet er det nok at den utdanningsfaglige ansvarlige har en «generell» pedagogisk utdanning. Det er altså ikke et absolutt krav at personens utdanning er tilpasset undervisningsformen på den aktuelle utdanningen (dvs. stedbaset eller nettbasert). (...) Hvis den utdanningsfaglige ansvarlige ikke har utdanning knyttet til undervisningsformen, må denne kompetansen være dekket i fagmiljøet ellers, enten som formell eller uformell kompetanse. Det betyr at hvis utdanningen er nettbasert og den utdanningsfaglige ansvarlige ikke har*

*utdanning eller kompetanse innen dette, må det være andre i fagmiljøet som har kompetanse i dette.*

Utdraga viser at NOKUT har forventningar om ein pedagogisk kompetanse som er tilpassa nettbasert undervisning og utdanning, men omgrepet «nettpedagogisk kompetanse» vert ikkje nytta. Vidare ser vi at kravet om nettpedagogisk kompetanse er stilt til *fagmiljøet som heilskap*, og ikkje til den utdanningsfagleg ansvarlege personleg.

For å finne døme på korleis NOKUT har vurdert ulike formar for nettpedagogisk kompetanse i konkrete utdanningar, har vi sett til rapportar som NOKUT gjer tilgjengeleg i samband med akkreditering av nye utdanningstilbod. Vi har ikkje gjort nokon full gjennomgang av desse dokumenta, men eksempla kan gje eit visst inntrykk av NOKUT sine vurderingar. Her er nokre døme på kompetanse hos den utdanningsfagleg ansvarlege som NOKUT har vurdert som tilstrekkelege:

- ◆ PPU og nettpedagogisk utdanning på 15 studiepoeng (NOKUT, 2020b)
- ◆ PPU-utdanning fra 2006, samt kurs i nettpedagogikk etter Vestfoldmodellen<sup>7</sup> (NOKUT, 2020c)

Dei to døma viser igjen at NOKUT ikkje krev at det finst personar med formell kompetanse i nettpedagogikk, det vil seie fullført studiepoenggivande utdanning. Ikkje-formelle kurs kan også vere tilstrekkelege.

Det finst også døme der NOKUT (2020d, s. 13) vurderer at den nettpedagogiske kompetansen er svak, utan at det kjem fram at kompetanse er utilstrekkeleg:

*«Den utdanningsfaglig ansvarlige har PPU. Det kommer ikke fram av søknaden om den utdanningsfaglig ansvarlige har formell nettpedagogisk kompetanse, men det er oppgitt at vedkommende har ett og et halvt års undervisningserfaring fra nettbasert utdanning. (...) Vi anbefaler at dere stiller krav om at utdanningsfaglig ansvarlig har minst tre års erfaring med nettpedagogisk undervisning dersom vedkommende ikke har formell nettpedagogisk kompetanse»*

Dette dømet viser at NOKUT i si vurdering av søknad om akkreditering, legg vekt på kor vidt fagskulen gjer god greie for samsvaret mellom kompetansen i fagmiljøet og behova for kompetanse i utdanninga det vert søkt om å opprette.

## Oppsummering

---

I dette kapittelet har vi vist at lov- og regelverket for høgare yrkesfagleg utdanning stiller krav til at fagmiljø som tilbyr høgare yrkesfaglege utdanningar har formell og relevant fagkompetanse og formell pedagogisk kompetanse tilpassa den utdanningsforma som vert nytta. Fagmiljøet skal også ha oppdatert yrkeserfaring. Den formelle kompetansen skal iføljje gjeldande forskrift sikrast ved at minimum den fagleg ansvarlege og den utdanningsfagleg ansvarlege for utdanninga har formell kompetanse. Dette inneber at krava har vorte tydelegare. Samstundes er det utdanningsinstitusjonen, som ved søknad om akkreditering, skal definere kva kompetanse som er naudsynt for den enkelte

<sup>7</sup> Vi har ikkje lukkast med å finne kvalitetssikra og samla informasjon om «Vestfoldmodellen», men kursa har vore omtalt av fleire informantar både sentralt og ved utdanningsinstitusjonar. Så vidt vi forstår, er kurset ikkje akkreditert, og er dermed ikkje studiepoenggivande eller rekna som formell utdanning.

utdanning. Institusjonane har altså fått eit større ansvar enn tidlegare for å definere behovet for kompetanse.

Det er verdt å merke seg at i den gamle tilsynsforskrifta vart det stilt krav om pedagogisk og digital kompetanse kvar for seg, mens det ikkje finst noko eige krav om digital kompetanse i den nye forskrifta. I den nye tilsynsforskrifta er det snarare lagt vekt på at den pedagogiske kompetansen skal vere tilpassa undervisningsforma, og for nett- og samlingsbaserte utdanningar inneber det krav om digital kompetanse. Den digitale kompetansen er i den nye forskrifta altså rekna som ein av fleire komponentar av pedagogisk kompetanse, og fagmiljø som tilbyr nett- eller samlingsbaserte studium skal ha slik kompetanse. Ut ifrå dei akkrediteringane som NOKUT har gjort med heimel i den nye forskrifta, kan vi slå fast at det ikkje er noko krav at den nettpedagogiske kompetansen er formell, eller at det er den utdanningsfagleg ansvarlege som må ha denne kompetansen. Det er tilstrekkeleg at nokon i fagmiljøet har nettpedagogisk kompetanse, og både formell nettpedagogisk utdanning, ikkje-formelle kurs og erfaring vert godkjent som tilstrekkeleg. NOKUT tilrår likevel at om berre erfaring (uformell kompetanse) skal kunne monne, bør det vere minimum tre år erfaring.

I kapittelet har vi peika på at det er omgrepet «digital kompetanse», ikkje «nettpedagogisk kompetanse», som vert nytta i forskriftstekstane. I NOKUT ei tidlegare rettleiing til forskriftene vert det likevel slått fast at digital kompetanse omfattar både verktøykompetanse og nettpedagogisk kompetanse. Ut ifrå gjeldande tilsynsforskrift med rettleiing forstår vi at det krevst kompetanse på ei særeigen pedagogisk tilnærming tilpassa nettbasert undervisning, men omgrepet «nettpedagogisk kompetanse» vert ikkje brukt. I kartlegginga har vi likevel valt å bruke omgrepa «digital kompetanse» og «nettpedagogisk kompetanse», der den første viser til verktøykompetanse og den siste til den pedagogiske kompetansen som er naudsynt for å gi god nettbasert undervisning. Vi har dessutan lagt særskilt vekt på å undersøke den nettpedagogiske kompetansen, fordi det var denne som vart vurdert å vere for svak tidlegare.

# 3 Undervisaranes kompetanse og erfaring med nettbasert undervisning

---

*I dette kapitlet presenterer vi kartleggingas resultat om kor utbreidd nettpedagogisk kompetanse er blant fagskulelærarane i dag. Eit viktig skilje går mellom dei som underviser i nett- og samlingsbaserte utdanningar, og dei som berre underviser stadbasert. Vi startar derfor med å sjå på kva som kjenneteiknar desse gruppene. Vi presenterer deretter kartleggingsresultata om kompetansen som finst i sektoren, ved å sjå på formell utdanning, deltaking i ikkje-formelle kurs og erfaring som finst blant undervisarane. Vi ser også på kva kartlegginga viser om kor mange av undervisarane i nett- og samlingsbaserte studium som i dag står utan nettpedagogisk kompetanse. Vidare undersøker vi undervisarane si vurdering av eiga kompetanse, og ynskje om kompetanseutvikling. Til slutt ser vi på kva slags tiltak som har bidrege til kompetansen som finst i dag.*

*I dette kapitlet er det i hovudsak undervisarane sine svar på ei spørjeundersøking som ligg til grunn for analysane. Nokre stader er det også referert til intervju med fagskuleleiarar.*

## Kva kjenneteiknar dei som underviser i nett- og samlingsbaserte studium?

---


Undervisninga i fagskulen er organisert på ulike måtar. Heilt stadbaserte studium er mest utbreidd, ein del studium er heilt nettbaserte, mens andre er nettbaserte med fysiske samlingar. I denne kartlegginga er vi mest opptatt av dei som til vanleg (før Covid-19-pandemien starta) underviser heilt eller dels på nettet. I analysane har vi gjennomgåande slått saman dei som underviser i heilt nettbaserte studium og dei som undervis i nettbaserte studium med samlingar, med unntak av eit par stader kor det er særleg relevant å undersøke skilnader mellom dei to gruppene. Også dei som underviser stadbasert kan vere interessante. Kompetansen som finst blant dei stadbaserte undervisarane seier noko om potensialet sektoren har for å skalere opp det nettbaserte tilbodet. Før vi ser nærare på kompetansen og erfaringa til undervisarane, presenterer vi kort kva som kjenneteiknar dei to gruppene. Skil dei som underviser i nett- og samlingsbaserte studium seg frå dei som underviser i stadbaserte studium?

Det er fleire som underviser i reint stadbaserte, enn i nett- og samlingsbaserte studium. Medan 56 prosent av undervisarane i kartlegginga underviser i stadbaserte studium, er det 44 prosent som underviser i nett- og samlingsbaserte studium.

Nett- og samlingsbasert utdanning er eit relativt nytt fenomen, og har vorte meir vanleg dei siste åra. Ein rimeleg hypotese er derfor at fleire yngre enn eldre fagskulelærarar underviser på nettet til vanleg. Alderssamansetninga blant respondentane gjev ikkje støtte til denne hypotesen. Figur 5 viser at både i stadbaserte og nett- og samlingsbaserte studium, er ein fjerdedel av lærarane 60 år eller meir. Det er


faktisk fleire i nest høgste alderskategori (50-59 år) som underviser på nett- og samlingsbaserte enn på stadbaserte studium. Omtrent seks av ti av respondentar er menn, både blant dei som underviser nett- og samlingsbasert og dei som underviser stadbasert.

**Figur 5 - Alderen til undervisarane**




Dei største skilnadene mellom undervisarane på nett- og samlingsbaserte studium og stadbaserte studium gjeld kva fagområde dei undervisar i. Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning for 2019 syner at tekniske fag er det fagområdet som både har flest studentar totalt sett, og flest studentar i nett- og samlingsbaserte studium når vi ser i absolutte tal (Diku, 2020). Figur 6 syner at av dei som har svart på vår undersøking, og som underviser i nett- eller samlingsbaserte studium, jobbar nesten 60 prosent innanfor tekniske fag. Tekniske fag er òg størst blant dei som underviser stadbasert, men utgjer her ein langt mindre del, 30 prosent. Innanfor samferdselsfag og kreative fag underviser dei aller fleste i stadbaserte studium.

**Figur 6 - Fagområde**




Ein del av undervisarane i fagskulen må ventast å i større grad vere tilsett på bakgrunn av fagkompetanse enn på pedagogisk kompetanse. Indikatorar på dette, kan vere at dei er tilsette på timekontrakt, eller at dei har ei stilling i relevant arbeidsliv i tillegg til å arbeide i fagskulen. Figur 7 viser at det å ha ei stilling i relevant arbeidsliv er vanlegare i stadbaserte enn i nett- og samlingsbaserte studium, og figur 8 viser dei oftare er tilsett på timekontrakt. Dei som har ei stilling i UH-sektoren, underviser derimot i litt større grad på nett- og samlingsbaserte studium (figur 7). Andelen som har fast stilling er dermed størst blant dei som underviser på nett- og samlingsbaserte studium (Figur 8).

**Figur 7 - Stilling i tillegg til undervisningsstilling**



Figur 8 – Tilsetjingsforhold



## Kva kompetanse og erfaring har dei som underviser i nett- og samlingsbaserte studium?


I kapittel 2 gjorde vi greie for at krava til utdanningsfagleg kompetanse vert stilt til fagmiljøa, ikkje til den enkelte lærar. Eit viktig poeng er derfor at lærarane i eit fagmiljø kan bidra med ulike typar kompetanse, enten fagleg, pedagogisk eller nettpedagogisk. Nokre lærarar kan altså ha lite nettpedagogisk kompetanse, men likevel bidra til at fagmiljøet har den kompetansen som det treng. I leiarintervjua var det fleire som tok til orde for at nettpedagogisk kompetanse handlar om å vere i stand til å overføre pedagogikken til ei ny undervisningsform, og at dei som har pedagogisk kompetanse har betre føresetnader for å lukkast med det enn dei som ikkje har det. Det er derfor naturleg å starte med å sjå på omfanget av pedagogisk kompetanse i sektoren.

### *Ein stor del av dei som underviser på nett har pedagogisk utdanning*

Ser vi på alle undervisarane under eitt, har over sju av ti gjennomført eller er i gang med formell pedagogisk utdanning. Det tyder på at det har vore lite utvikling i formell pedagogisk kompetanse sidan 2018, då det vart gjennomført ein kompetansekartlegging med heilt tilsvarande resultat (Lyckander og Grande, 2018, s. 25). På lengre sikt har det derimot vore ei positiv utvikling. I 2014 var det over 60 prosent av alle tilsette ved det som då var reine fagskular, som *mangla* pedagogisk utdanning (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 96)<sup>8</sup>. Om vi reknar med dei som er i gang med slik utdanning, er det i vår kartlegging om lag 30 prosent som *manglar* pedagogisk utdanning.

Figur 9 syner at ein betydeleg større del av dei som underviser på nett har formell pedagogisk kompetanse, enn dei som underviser stadbasert. Nesten åtte av ti av dei som underviser på nett har gjennomført, eller er i gang med, formell pedagogisk utdanning. Tilsvarande gjeld det seks av ti blant dei som underviser stadbasert.

Figur 9 - Har du formell utdanning i pedagogikk?




Kva slags pedagogisk utdanning har då dei som underviser på nett- og samlingsbaserte studium? Figur 10 syner at det her er lite som skil undervisarar i stadbaserte studium, frå undervisarar i nett- og samlingsbaserte studium. Praktisk pedagogisk utdanning (PPU) er mest utbreidd. Over halvparten av dei som har pedagogisk utdanning har teke PPU for yrkesfag, medan anna PPU er nest mest utbreidd (om lag 20 prosent). Når vi snakkar om formell pedagogisk utdanning blant fagskulelærarane, er det

<sup>8</sup> Det er noko uvisse knytt til dette talet, fordi det ikkje inkluderer dei fagskulane som den gangen var kombinerte fagskular og vidaregåande skular. For dei kombinerte skulane var det rundt 40 prosent som mangla pedagogisk utdanning.

for det meste studium på 60 studiepoeng det er snakk om. Eit mindretal av undervisarane har heile lærarstudium.

**Figur 10 - Kva for lærarutdanning/pedagogisk utdanning har du, eller er du i gang med?**



Det er altså ein stor del av undervisarar i nett- og samlingsbaserte studium som har formell pedagogisk utdanning, og dermed eit godt pedagogisk fundament for undervisninga.

## Nettpedagogisk kompetanse

I kapittel 2 såg vi døme på korleis NOKUT vurderer relevansen av ulike former for nettpedagogisk kompetanse. Formell utdanning gjev god vurdering, men det er også andre måtar å dekke kompetansebehovet på. Ikkje-formell opplæring, altså kurs, seminar og liknande som ikkje gjev studiepoeng, vert anerkjent som tilstrekkeleg nettpedagogisk kompetanse. Uformell opplæring, altså erfaring og kunnskapsutveksling på arbeidsplassen, er også vektlagt i NOKUT sine vurderingar. Vi skal her sjå nærare på kor utbreidd nettpedagogisk kompetanse er i fagskulane, og kva slags nettpedagogisk kompetanse undervisarane har.

### *Ikkje-formell opplæring i nettpedagogikk mest utbreidd*

Figur 11 gjev ei oversikt over kva slags nettpedagogisk kompetanse og erfaring undervisarar i nett- og samlingsbaserte studium har<sup>9</sup>. Den mest utbreidda forma er ikkje-formell opplæring i nettpedagogikk, noko seks av ti oppgjev å ha. Litt under halvparten av dei som underviser på nett har erfaringsbasert, uformell kompetanse tilsvarande NOKUT si anbefaling på minimum tre år. Her har vi berre inkludert dei som oppgjev at dei gjennomfører minst halvparten av undervisninga si på nett til vanleg. Formell utdanning er den minst utbreidda forma for nettpedagogisk kompetanse, og berre ein fjerdedel kan vise til slik kompetanse. Eit viktig spørsmål er kor mange som står utan nokon av desse formane for kompetanse. To av ti undervisarar har verken formell eller ikkje-formell kompetanse, og færre enn tre år erfaring med omfattande nettundervisning.

<sup>9</sup> Denne framstillinga byggjer på nokre metodiske val.


Respondentane vert rekna for å ha «Ikkje-formell nettpedagogikk» dersom vedkomande har oppgjeve å ha delteke i intern, ekstern, eller anna ikkje-formell opplæring (Figur 13).

Respondentane vert rekna for å ha «formell nettpedagogikk» dersom dei har ei grad eller enkeltemne (i eller utanfor grad) i nettpedagogikk (Figur 12).

Respondentane vert rekna for å ha minst 3 år aktiv nettundervisning dersom dei har undervist på nett i minst tre år, i tillegg til at dei i normalsituasjon gjer omtrent halvparten eller meir av si undervisning på nett.



Figur 11 - Oversikt over nettpedagogisk kompetanse (Kategoriene er ikkje gjensidig utelukkande)




Overordna kan vi seie at forholdsvis mange undervisarar har ein eller annan form for nettpedagogisk kompetanse, men kompetansen er i nokså liten grad formell. I det følgjande skal vi sjå nærare på kva slags formell, ikkje-formell og uformell kompetanse undervisarane har.

#### *Formell nettpedagogisk utdanning lite vanleg, men har auka*

Det er langt mindre formell *nettpedagogisk* kompetanse enn generell, formell pedagogisk kompetanse blant respondentane. Av dei som ordinært underviser nett- og samlingsbasert, er det som nemnt berre ein fjerdedel som svarer at dei har formell nettpedagogisk kompetanse. Slik kompetanse er, ikkje overraskande, enda lågare blant dei som til vanleg berre driv stadbasert undervisning. Blant desse er det berre ein av ti som har formell nettpedagogisk kompetanse. Den formelle kompetansen består i hovudsak av enkeltemne i nettpedagogikk, enten frittstående eller som del av ei grad.

Trass i at det er avgrensa formell nettpedagogisk kompetanse i sektoren, ser vi ein ganske tydeleg vekst dei siste åra. I kompetansekartlegginga frå 2018, fann Lycksander og Grande (s. 28) at berre 13 prosent av dei som underviste ved nett- og samlingsbaserte studium på fagskular hadde utdanning i nettpedagogikk.

Figur 12 - Har du formell nettpedagogisk kompetanse?




#### *Seks av ti har delteke i kurs i nettpedagogikk*

Deltaking i kurs, seminar og liknande kan bidra til undervisarane si nettpedagogiske kompetanse. Slik ikkje-formell opplæring kan ta mange ulike former, frå nokre timar foredrag internt i skulen, fagdagar, eller lengre kurs internt eller hos eksterne tilbydarar.

Figur 13 viser deltaking i ikkje-formell opplæring i nettpedagogikk. På dette spørsmålet kunne undervisarane krysse av for fleire av alternativa. Seks av ti undervisarar i nett- og samlingsbaserte studium har delteke i ikkje-formelle kurs i nettpedagogikk. Det er lite skilnad mellom deltaking i eksterne og interne kurs, og ein del av undervisarane har delteke i begge deler.

Ikkje overraskande, har dei som underviser nett- og samlingsbasert delteke meir i slik opplæring enn dei som undervisar stadbasert. I den sistnemnde gruppa er det fire av ti som har delteke i ikkje-formell opplæring. Sannsynlegvis har covid-19-pandemien gjort at fleire, i begge gruppene, har fått slik opplæring. Frå intervju med fagskuleleiarar veit vi at nokre skular har valt å gi alle tilsette kurs i nettpedagogikk på grunn av krisa, uavhengig av kva type studium dei vanlegvis underviser i.

**Figur 13 - Har du deltatt i kurs i nettpedagogikk som ikkje var studiepoenggivande (ikkje-formell kompetanse)?**




### *Seks av ti har meir enn tre år erfaring med nettbasert undervisning*

Den tredje forma for kompetanse, den uformelle, erfaringsbaserte kompetansen, er også viktig. Som vi har sett i kapittel 2, vurderer NOKUT det som mogleg å dekke behovet for nettpedagogisk kompetanse med ein kombinasjon av pedagogisk grunnkompetanse og erfaring med å undervise på nettet. Erfaring er dessutan viktig også for undervisarar med formell og ikkje-formell kompetanse i nettpedagogikk.

Av dei som underviser på nett, har seks av ti minst tre år erfaring med denne typen undervisning. Det kjem fram av figur 14. I prinsippet kan altså kompetansebehovet deira, om vi legg NOKUT si vurdering av minimumskompetanse til grunn, vere dekkta av erfaring. Dette spørsmålet fortel likevel ikkje kor omfattande denne erfaringa er. Som vi har sett tidlegare i kapittelet (figur 11), er det litt under halvparten av undervisarane i nett- og samlingsbaserte studium, som har gjennomført minst halvparten av undervisninga si på nett i minst tre år.

**Figur 14 - År erfaring med nettbasert undervisning.**




## Vurdering av eigen kompetanse og kompetansebehov

I dette kapittelet har vi så langt undersøkt kva som er det objektive fundamentet for undervisaranes kompetanse i nettpedagogikk; om den er basert på formell utdanning, på ikkje-formell opplæring eller om den er erfaringsbasert. Men korleis vurderer undervisarane si eiga kompetanse? Oppløyer dei at dei har den kompetansen som er naudsynt for å gjennomføre god nettbasert undervisning? Og opplever dei sjølv eit behov for kompetanseheving?

### *Under halvparten vurderer si eiga nettpedagogiske kompetanse som god*


Figur 15 viser undervisaranes vurdering av eiga kompetanse i nettpedagogikk. Ein av ti som underviser på nett til vanleg, vurderer eiga kompetanse i nettpedagogikk som låg, og færre enn halvparten si eiga kompetanse som høg eller nokså høg.

**Figur 15 - Korleis vil du vurdere din kompetanse i nettpedagogikk?**



Når det gjeld bruk av verktøy for gjennomføring av nettutdanning, er det fleire som vurderer eiga kompetanse som høg eller nokså høg (seks av ti, figur 16). Berre eit fåtal vurderer eiga kompetanse som låg. Det kan altså sjå ut til ein har kome lenger i å utvikle verktøykompetanse enn nettpedagogisk kompetanse. Dette stemmer godt overens med det vi skal sjå i kapittel 5; at fleire undervisrarar har fått opplæring i digitale verktøy enn i nettpedagogikk.

**Figur 16 - Korleis vil du vurdere din kompetanse i bruk av verktøy for gjennomføring av nettutdanning?**



Begge figurane viser også svar frå dei som til vanleg berre underviser stadbaset. Dette er interessant fordi det seier noko om sektoren er rusta til å auke det nett- og samlingsbaserte utdanningstilbodet. Desse lærarane vurderer si eiga kompetanse som lågare enn dei som underviser på nett til vanleg, og det er berre ein av fire som meiner dei har høg eller nokså høg kompetanse i nettpedagogikk. Fire av ti meiner at dei har høg eller nokså høg kompetanse i bruk av verktøy for gjennomføring av nettundervisning. Det er ikkje urimeleg å tenkje seg at erfaringar frå det siste året, med å måtte flytte mykje av undervisninga på nett, har påverka desse tala i denne gruppa.

Om vi ser nettpedagogisk kompetanse og verktøykompetanse under eitt, tyder svara på at dei fleste ser seg sjølv som kompetente nok til å gjennomføre nettundervisning, men at det er stort rom for å forbetre undervisninga ved å heve kompetansen til lærarane.

### *Undervisrarane ynskjer meir opplæring i nettpedagogikk*

Det er eit stort behov og ynskje om meir nettpedagogisk opplæring i fagskulesektoren. Figur 17 viser at åtte av ti ynskjer meir opplæring i nettpedagogikk, uavhengig av om dei underviser i nett- og samlingsbaserte studium eller ikkje. Det tyder på at også mange av dei som vurderer si eiga nettpedagogiske kompetanse som god, ynskjer meir opplæring. Det er i tråd med eit poeng fleire fagskuleleiarar ga uttrykk for i intervjuet, om at det ofte er dei mest kompetente som er mest motiverte for meir kompetanseheving.


**Figur 17 - Ynskjer du å få meir opplæring i nettpedagogikk?**



Når vi ser på kva type opplæring undervisrarane ynskjer, viser figur 18 at det er særleg ikkje-formell opplæring i form av kurs eller seminar dei fleste ynskjer. Men det er òg mange som svarer at dei ynskjer uformell opplæring i form av internopplæring på arbeidsplassen. Det gjeld både dei som driv stadbaset og nettbasert undervisning. I nett- og samlingsbaserte studium er det også nokså mange, fire av ti, som ynskjer å ta formell vidareutdanning i nettpedagogikk. Dei som underviser stadbaset, er

derimot i litt større grad interesserte i uformell og ikkje-formell kompetanseheving heller enn formell vidareutdanning.

Figur 18 - Ynskje om ulike typar opplæring i nettundervisning



### Uformell opplæring bidrar mest til nettpedagogisk kompetanse


Vi har til no sett at det er stor interesse blant undervisarane for å delta i kompetanseheving, og at både formell, uformell og ikkje-formell opplæring er aktuelt for mange. For å få kunnskap om kva for tiltak som bør prioriterast i den vidare kompetansehevinga, er det interessant å vite kva som har størst verknad på undervisarane si kompetanse. Dette har vi undersøkt ved å spørje undervisarane kva dei meiner i størst grad har bidrege til den kompetansen dei har i dag. Svar på dette spørsmålet, frå alle undervisarane i fagskulen, er vist i figur 19. Det er ikkje alle som har delteke i alle typane kompetanseheving, og vi har derfor forsøkt å berre vise svar frå respondentar som har grunnlag for å svare<sup>10</sup>. Det er derfor ulikt tal på svar i søylene.

Eit påfallande mønster i svara, er at undervisarane opplever at det er *uformell erfaring og opplæring* som har bidrege mest til deira eksisterande kompetanse. Dei opplever at prøving og feiling er det som i størst grad har bidrege til deira kompetanse i nettpedagogikk. Meir enn 80 prosent svarte at dette i stor eller svært stor grad har bidrege til deira kompetanse. I neste omgang er det kollegaer som spelar størst rolle i undervisaranes kompetanseheving; særleg samarbeid og diskusjon med kollegaer, men òg rettleiing frå kollegaer. Ein del undervisarar har delteke i utviklingsprosjekt, og omtrent halvparten svarte at dette i stor eller svært stor grad har bidrege til deira kompetanse i nettpedagogikk.

<sup>10</sup> Med «grunnlag for å svare», meiner vi at respondenten har delteke i aktivitetane som vert vurderte. Respondentane kunne sjølv svare at dei ulike aktivitetane ikkje var relevante for dei, og er dermed utelatne. Vi har også gjort følgjande filtreringar basert på andre spørsmål i undersøkinga:

- «Deltaking i utviklingsprosjekt» viser berre svar frå respondentar som har delteke i ei prosjektgruppe i 2020/21. Det betyr at undervisarar som deltok i utviklingsprosjekt før dette, ikkje er representerte i figuren.
- «Studiepoenggivande vidareutdanning» viser berre svar frå respondentar som har fullført eller starta på enkeltemne i nettpedagogikk, utanfor ei gradsutdanning.
- «Ikkje-studiepoenggjevande kurs» viser berre svar frå respondentar som svarte at dei hadde delteke i slike kurs.

Figur 19 - I kor stor grad har følgjande bidrege til din kompetanse i nettpedagogikk?



Det er eit interessant funn at undervisarane opplever at meir organiserte former for opplæring i mindre grad har bidrege til deira kompetanse. Av dei som har delteke i formell vidareutdanning, eller i ikkje-formelle kurs, er det berre fire av ti som svarer at dette i stor grad bidrog til den nettpedagogiske kompetansen deira. Det ser altså ut til at det kan vere utfordringar med kvalitet eller relevans på kurs- og vidareutdanningstilbodet som gjer at utbyttet av slike tiltak per i dag ikkje er så godt som ynskjeleg. Det er i tråd med funn frå leiarintervjua, kor nokre av fagskulane har opplevd å investere i vidareutdanning som dei ikkje var heilt nøgde med kvaliteten og relevansen på, for deira kompetansebehov.

## Oppsummering

I dette kapittelet har vi undersøkt den nettpedagogiske kompetansen i høgare yrkesfagleg utdanning, og særleg blant lærarane som underviser i nett- og samlingsbaserte studium. I analysen og omtalen av kva som finst av kompetanse i sektoren, har vi tatt utgangspunkt i NOKUTs vurderingar av kva som er tilstrekkeleg kompetanse for å få akkreditert ei utdanning.

Ein betydeleg del av lærarane har delteke i ikkje-formelle kurs, og nesten like mange har meir enn tre år erfaring med nettundervisning. Når det gjeld formell utdanning, er det i hovudsak enkeltemne i nettpedagogikk som er nytta. Omfanget av denne typen utdanning er avgrensa, men ser ut til å ha auka dei siste åra. To av ti undervisarar i nett- og samlingsbaserte studium har korkje formell, ikkje-formell eller minst tre år erfaring med nettpedagogikk, og derfor eit svakt kompetansegrunnlag i nettpedagogikk.

Det har ikkje vore utvikling i kor stor del av undervisarane som har formell pedagogisk utdanning dei siste åra, men det er en større del av dei som undervisar på nett som har formell pedagogisk utdanning enn dei som undervisar stadbasert. Å ha pedagogisk utdanning gjev nødvendigvis eit betre grunnlag for å ta stilling til spørsmål knytt til korleis ein kan sørge for læringsutbytte når undervisninga vert flytt til nettet.

Under halvparten av dei som underviser på nett til vanleg vurderer si eiga nettpedagogiske kompetanse som god, og over 80 prosent ynskjer meir opplæring i nettpedagogikk. Dei ynskjer særleg ikkje-formell opplæring og internopplæring på arbeidsplassen, men det er stor interesse for meir formell opplæring blant dei som undervisar på nett.

Undervisarane opplever sjølv at kurs og vidareutdanning har hatt eit relativt avgrensa bidrag til den nettpedagogiske kompetansen deira. Dette ser vi som eit teikn på at det er behov for å auke tilgangen

og kvaliteten på kurs og vidareutdanningar i nettpedagogikk, og at opplæringa er relevant for fagskulen.

Undervisarane opplever at erfaringsbasert kompetanse, gjennom prøving og feiling og ulike former for kompetanseutveksling på arbeidsstaden har hatt stor betydning for den nettpedagogiske kompetanseutviklinga deira. Det ser derfor ut til fagskulane kan ha mykje å vinne på å legge til rette for denne typen uformell kompetanseutveksling.

# 4 Organisering, praksis og haldningar

---

*I dette kapittelet undersøker vi korleis undervisarane organiserer og legg opp dei nett- og samlingsbaserte studia i fagskulane, og knyter funna til kunnskap om kva som gjev god nettbasert undervisning. Vidare undersøker vi undervisaranes haldningar til og erfaringar med nett- og samlingsbasert undervisning. Kapittelet baserer seg i all hovudsak på spørjeundersøkinga blant undervisarane, men vi tek også med enkelte funn frå leiarintervjua.*

## Korleis er undervisninga organisert, og korleis vert ho lagt opp?

---

Ei fersk kunnskapsoppsummering om nettbasert utdanning viser at både stadbasert, nettbasert og samlingsbasert utdanning<sup>11</sup> kan gje godt læringsresultat, men at det fordrar at innhaldet og måten utdanninga er utforma på fungerer godt (Munthe, Malmo og Ruud, 2020). Kunnskapsoppsummeringa peikar både på kva for undervisningsmåtar som forskinga viser fungerer godt i nettbaserte utdanningar, og på kva som er særskilt viktig at undervisarane legg vekt på som leiar av læringsarbeidet.

Noko av det som har størst betydning når slike utdanningsformer vert nytt for vaksne, er at undervisarane veit kven studentane er, og kva behov og vilkår dei har for å tileigne seg ny kunnskap. Det heng saman med at vaksne har ulike erfaringar og ulike ressursar som er av betydning for korleis dei relaterer seg til, og tileignar seg ny kunnskap. Vidare vil det vere tilfelle blant ein del vaksne at det kan vere lenge sidan dei studerte sist. Dei kan ha både god og mindre god sjølvtilit når det gjeld å studere, ut ifrå kva erfaringar dei har frå tidlegare utdanning. I tillegg kan studieteknikk og ferdigheiter i digitale verktøy variere. Undervisaren bør kjenne til studentanes sine behov og føresetnader også knytt til desse tema, for å sikre eit godt læringsutbytte.

Ein annan faktor som gjeld vaksenopplæring generelt, er at vaksne vert meir motiverte for læring når dei opplever kunnskapen som *relevant*, enten for deira profesjonelle eller personlege liv. Derfor er dialog om innhaldet i opplæringa viktig i all vaksenopplæring, også i utdanningar som er nett- og samlingsbaserte.

Ein annan eigenskap ved vaksne studentar, er at dei er målretta og opptatt av å bruke tida si godt. For å jobbe effektivt mot målet sitt, treng dei å forstå kva som er forventa av dei, korleis dei vert vurderte, og kva som skal til for at dei skal lukkast. I kunnskapsoppsummeringa vert dette omtala som *transparens*.

---

<sup>11</sup> I kunnskapsoppsummeringa vert utdanningsformane klassifisert som andlet-til-andlet-undervisning (forkorta til ATA), distanseundervisning og hybridundervisning. Vi meiner at omgrepa i vår rapport, stadbasert, nettbasert og samlingsbasert er tilstrekkeleg dekkande for desse tre omgrepa.

Ifølgje Diep m.fl. (2019), referert i Munthe, Malmo og Ruud (2020), kan ein i undervisning av vaksne utsetje studentane for fleire perspektiv, og gje studentane høve til å re-tenke og re-konseptualisere tidlegare erfaring i lys av ny kunnskap og nye erfaringar. Innan høgare yrkesfagleg utdanning vil fleirtalet av studentane ha relevant yrkeserfaring. Dermed kan dei ha godt læringsutbytte av å reflektere over eigne erfaringar og yrkespraksis, både åleine og saman med andre. Diep mfl. viser også til at ut ifrå eit sosiokulturelt læringssyn, utviklar vi kunnskap gjennom samhandling innafor ei kontekstuell ramme. Det inneber at det i læringsarbeidet krevst at den enkelte deltar både sosialt og kognitivt, og at det vert lagt til rette for samarbeid og deltaking med andre. For å få til dette, må undervisaren både utvikle og leie undervisningsopplegg med meiningsfulle aktivitetar, som også fungerer i den nettbaserte undervisningsforma. Kunnskapsoppsummeringa framhevar blant anna at undervisninga må leggje til rette for samarbeidsmoglegheiter for studentane, og stimulere til *samarbeidslæring* mellom studentane. Andre aktivitetar som kunnskapsoppsummeringa viser at fremjar læring i nettbaserte undervisningsformer, er simulering, spelifisering (*gamification*), multimodalitet og interaksjon, studentkontroll, og spørsmål på fleire nivå.

Sidan kartlegginga vår har dekkja ei rekke ulike tema, har vi ikkje hatt høve til å ta for oss alt som kunne vore interessant å kartlegge knytt til måten dei nett- og samlingsbaserte høgare yrkesfaglege utdanningane vert tilbydd på. Men vi let oss inspirere av den nemnde kunnskapsoppsummeringa då vi skulle utforme eit lite utval spørsmål om organisering av studia og undervisaranes praksis i nett- og samlingsbaserte studium, for å undersøke kor vidt det vert jobba etter sentrale prinsipp som kunnskapsoppsummeringa peikar på.


### *Både synkron, asynkron og fysiske samlingar er utbreidde undervisningsformer*

Korleis samhandlar undervisarane med studentane sine? Resultata frå undersøkinga viser at dei fleste nyttar fleire undervisningsformer i nett- og samlingsbaserte studium. Synkron undervisning er mest utbreidd, men nesten like mange oppgjev at dei også møter studentane sine gjennom fysiske samlingar. I alt har sju av ti undervisarar høve til å knyte relasjonar til studentane sine gjennom fysiske samlingar, eller ved å møtast i digitale undervisningsøkter i sanntid. Over halvparten gjev også digital rettleiing i sanntid. Om vi kan anta at studentane deltar aktivt i slik rettleiing, til dømes ved å stille spørsmål eller inngå i diskusjon og dialog om studentoppgåver eller liknande, tyder det på at mange av undervisarane har tovegs-kommunikasjon med studentane sine, enten fysisk, eller synkront på nett.

Figuren viser også at asynkron undervisning og rettleiing på nett er utbreidd. Det kan til dømes vere opptak av forelesingar eller instruksjonsvideoar. I intervjuet med fagskuleleiingane kom det fram at mange nett- og samlingsbaserte studium vert gjennomførte som ein kombinasjon asynkron og synkron undervisning, men at det er nokre studium som vert gjennomført med svært lite synkron samhandling. Fordelane med å primært nytte asynkron undervisning, knyter seg til at det gjev svært høg fleksibilitet. Både oppstart og avslutning av utdanningsløpet, når på døgnet, og kor intensivt studenten jobbar med fagstoffet, er heilt opp til studenten. Samstundes stiller asynkron undervisning høge krav både til måten lærestoffet vert lagt fram på, til studentane si evne til å forstå lærestoffet på eiga hand, og til studentanes eigendisiplin og ansvar for eiga læring.



Figur 20: Korleis undervisar og student samhandlar i nett- og samlingsbaserte studium utanom covid-19-pandemien. Kategoriane er ikkje gjensidig utelukkande.




### Korleis vert undervisninga lagt opp?

Figur 21 viser kva undervisarane har svart på våre spørsmål som omhandlar nokre av dei eigenskapane som Munthe mfl. (2020) trekkjer fram som viktige i god nettbasert undervisning.

Omtrent sju av ti undervisarar ber om tilbakemeldingar frå studentane på korleis nettundervisninga fungerer. Dette kan sjølvstøtt relaterast til mange forskjellige tema, blant anna om læringsaktivitetane er meningsfulle, om dei digitale verktøya fungerer, om dei opplever innhaldet som relevant, med meir. Det er positivt at mange av undervisarane inviterer til tilbakemelding, særskilt i nettbasert undervisning, fordi det kan bidra til å auke relevans og transparens i studiet. Samstundes burde kanskje alle undervisarane bede om tilbakemeldingar på nettundervisninga. Det er verdt å sjå dette resultatet i samanheng med den tredje påstanden i figuren, om at seks av ti, skaffar seg oversikt over føresetnader og faglege interesser blant studentane ved oppstart. Dette kan brukast til å gjere undervisninga relevant for dei ulike studentane, men også at den er tilpassa og tilgjengeleg til den enkelte sine føresetnader.

Vidare er det interessant å sjå den andre og den fjerde påstanden i figuren i samanheng. Kunnskapsoppsummeringa synte at samarbeidslæring er særleg effektivt for læringsutbyttet i nettbasert undervisning for vaksne. Sju av ti oppgjev at dei legg til rette for samarbeid mellom studentane, medan ein mindre del, fem av ti, oppgjev at dei legg til rette for at studentane vert kjent med kvarandre. Det ser altså ut til at ein stor del av undervisarane legg til rette for samarbeidslæring, men at det er mindre utbreidd at dei legg til rette for at studentane skal verte kjende med kvarandre. Ein kan tenke seg at ein del undervisarar meiner at det ikkje er deira oppgåve å hjelpe vaksne studentar med å verte kjende med kvarandre. Her kan det vere rom for at institusjonane aukar medvitnet blant undervisarane om det pedagogiske utbyttet av at studentane byggjer relasjonar på tvers.

Figur 21 - I kor stor grad gjer du følgjande i den nettbaserte undervisninga du gjennomfører?



## Undervisarane sine haldningar til nettundervisning


Korleis kan ein lukkast med utviklingsarbeid og kompetanseheving knytt til nettundervisning ved fagskular? Eit ekspertutval som for nokre år sidan skulle sjå på lærarrolla i grunnopplæringa, skilde mellom profesjonalisering ovanfrå, og profesjonalisering innanfrå (Dahl mfl., 2016, s. 38). Mens førstnemnde er assosiert med kontroll frå arbeidsgjevar, er sistnemnde kjenneteikna av at arbeidstakarane sjølv formar profesjonen. Sjølv om ekspertrapporten tok for seg grunnopplæringa og ikkje høgare yrkesfagleg utdanning, er det eit relevant poeng også her at utvikling i utdanning ikkje berre krev tydelege signal frå eigarar og leiarar, men også motivasjon og nysgjerrigheit på å utvikle undervisningsformer og – metodar ifrå undervisarane sjølve.

Ved å sjå nærare på undervisarane sine haldningar til nettbasert undervisning, kan vi forstå meir om korleis dei opplever at undervisninga fungerer i dag, og korleis dei stiller seg til å drive nettundervisning i dei komande åra. Som vi kjem tilbake til i kapittel 5, kan auka etterspurnad etter fleksibel utdanning motivere eigarar og leiarar til å vri utdanningsporteføljen, og styre verksemda mot meir nett- og samlingsbaserte studium for å tilby attraktive og etterspurde studium. Samstundes er det rimeleg å tru at slike eksterne faktorar verkar mindre motiverande på undervisarane. Frå leiarintervjua veit vi at det ved ein del utdanningsinstitusjonar er utfordringar med å motivere alle undervisarane til å ta i bruk nettbaserte læringsaktivitetar i si undervisning.

### *Mange undervisarar meiner at læringsutbyttet ved nettundervisning er dårlegare enn ved stadbasert undervisning*

Eit konkret mål på undervisarane sine haldningar til nettbasert undervisning, er om dei ynskjer å drive med denne typen undervisning i framtida. Vi bad dei derfor svare på om dei vil drive meir eller mindre med nettbasert undervisning etter pandemien, samanlikna med før pandemien. Figur 22 viser at rundt ein firedel av undervisarane, både i nett- og samlingsbaserte, men også i stadbaserte utdanningar, ynskjer å undervise meir på nett etter pandemien samanlikna med kva dei gjorde før pandemien. Det er likevel langt fleire som ynskjer å redusere sin andel nettundervisning.<sup>12</sup> Det er altså ei betydeleg gruppe som meiner at for mykje av undervisninga skjedde på nett, også før pandemien.

**Figur 22 - Samanlikna med situasjonen før covid-19-pandemien, ynskjer du at meir eller mindre av di undervisning skal skje på nett etter pandemien?**




Kva kan vere orsaka til at ein såpass stor andel ynskjer å undervise mindre på nett? Ein hypotese kan vere at undervisarane er bekymra for om læringsutbyttet av nettundervisning er lågare enn av stadbasert undervisning. For å undersøke dette, bad vi undervisarane vurdere om dei synes nettundervisning gjev eit godt utbyte samanlikna med stadbasert undervisning.

<sup>12</sup> Vi ser at det er en relativt stor andel av dei som til vanleg undervisar på stadbaserte utdanningar som seier dei ynskjer å undervise mindre på nett etter pandemien enn før. Vi er usikre på korleis vi skal tolke desse svara, om det tydar at nokre av dei og har undervist noko på nett før pandemien, eller om det tydar at dei i staden for å samanlikne med situasjonen før pandemien samanliknar med no-situasjonen.

Figur 23 viser at av dei som til vanleg underviser på nett, meiner litt over halvparten at læringsutbyttet ved slik undervisning er lågare enn ved stadbasert undervisning. Dei som underviser stadbasert til vanleg er endå meir negative. Dette kan henge saman med kva for fag som vert undervist på nett i dag. Som vi såg i kapittel 3, er det nokre fagområde, til dømes kreative fag og samferdselsfag som i hovudsak vert undervist stadbasert. Fleire av dei stadbaserte utdanningane er praktisk retta med aktivitetar som krev at ein er fysisk til stades eller har tilgang til lab, simulator, verkstad og liknande på samlingar.

**Figur 23 - Samanlikna med stadbasert undervisning (ansikt til ansikt), korleis vurderer du læringsutbyttet ved nettundervisning?**



### *Krevjande å lukkast med studentaktiv læring på nett*


At så mange av dei som underviser i nett- og samlingsbaserte studium, meiner at deira undervisning gjev dårlegare læringsutbytte enn stadbasert undervisning, er urovekkande. Kva opplever dei som hindringar for læringsutbyttet?

Figur 24 viser korleis undervisarane har svart på ulike påstandar om deira moglegheit til å interagere med studentane og om utfordringar ved nettbasert undervisning for studentane.

Det ser ikkje ut til at det er dei digitale verktøya som står i vegen for læringsutbyttet. Dei fleste svarer at studentane raskt får hjelp med dei digitale verktøya. Snarare, ser det ut til at det er utfordrande å få til den same interaksjonen i nettundervisninga som i stadbasert undervisning. To tredeler svarer at det er vanskeleg å få til ein god dialog med studentane, og omtrent halvparten opplever at det er problematisk at studentane slår av kameraet i synkron videoundervisning (såkalla «svarte skjermar»; omgrepet vart presisert i spørjeskjemaet). Få var samde i at studentane deltek like mykje i nettbasert undervisning som i stadbasert undervisning. Som vi har nemnt tidlegare i kapitlet, bidrar deltaking i læringsaktivitetane frå studentane si side til eit betre læringsutbytte.

Svara vi har sett på til no, tilseier at det er meir utfordrande å få til *studentaktiv læring* på nett. Dette er ein indikasjon på at det er behov for auka kompetanse i nettpedagogikk for at undervisarane skal lukkast med å gjere den nettbaserte opplæringa meir studentaktiv og slik bidra til å auke studentanes læringsutbytte.

Figur 24 - Påstandar om studentane i den nettbaserte undervisninga. (Nokre av påstandane er forkorta i figuren)



### Halvparten meiner at heile emnet dei underviser i er eigna for nettundervisning

Vi spurde også dei som underviser i nett- og samlingsbaserte studium om kor godt eigna dei meiner det konkrete emnet dei underviser i, er for nettundervisning. Overordna viser figur 25 at ei klar overvekt av undervisarane, 86 prosent, meiner at *delar av emnet* dei underviser i er godt eigna for nettundervisning. Halvparten meiner at *heile emnet* er godt eigna for nettundervisning.


Figur 25 - Kor godt eigna er emnet/emna du underviser i for nettundervisning?



Her er det ikkje berre undervisarane sine haldningar som påverkar svara, men også eigenarta til dei ulike faga. I nokre fag er fysisk oppmøte heilt avgjerande for at undervisninga skal kunne gjennomførast, til dømes på grunn av tilgang til utstyr og simulatorar. I andre fag er det lite hindringar av denne typen, og nettundervisning er enklare å gjennomføre. I neste figur har vi derfor sett på vurderingane til dei som underviser i reint nettbaserte studium for seg og dei som underviser i samlingsbaserte studium.

I Figur 26 ser vi at dei som underviser i heilt nettbaserte studium i større grad er einige i at heile emnet er godt eigna for nettundervisning, enn dei som har fysiske samlingar som del av undervisninga.

Figur 26 - Heile emnet er godt eigna for nettundervisning




Over såg vi at dei som underviser på nett er delte i synet på om slik opplæring gjev like godt læringsutbyte som stadbasert undervisning. Ein hypotese er at lærarane sitt syn på læringsutbyttet av nettundervisning påverkar deira vurdering av om eit emne er godt eigna for nettundervisning eller ikkje. I figur 27 og 28 gjer vi ei inndeling mellom undervisarar som meiner at læringsutbyttet av nettbasert undervisning er like godt eller betre enn stadbasert undervisning, og dei som meiner det er dårlegare<sup>13</sup>.

<sup>13</sup> Inndelinga er basert på figur 20. Dei som svarte «Dårlegare» eller «Mykje dårlegare» vert rekna som negative, mens resten vert rekna som positive.


Vi ser at det er stor skilnad mellom dei to gruppene når det gjeld påstanden om *heile emnet* er eigna for nettundervisning. Blant dei som er positive til læringsutbyttet av nettundervisning, meiner heile 70 prosent at heile emnet eignar seg til nettundervisning. Berre 35 prosent av dei som er negative til læringsutbyttet av nettundervisning, meiner det same.

**Figur 27 - Påstand: "Heile emnet er godt eigna for nettundervisning". Svar frå undervisarar på nett- og samlingsbaserte studium**




Ser vi på påstanden om at deler av undervisninga er eigna for nettbasert undervisning, finn vi eit liknande mønster, men skilnadene mellom dei to gruppene er mindre. Heile 95 prosent av dei som er positive til læringsutbytte av nettundervisning, meiner at deler av emnet er godt eigna for slik undervisning. Ingen er ueinige. Blant dei som er negative til utbyttet, er det over 15 prosent som meiner at deler av emnet er dårleg eigna for nettundervisning. Det kan tolkast som at desse meiner at emnet i heilskap er ueigna for nettundervisning. Samstundes er det interessant at over 75 prosent av dei som er negative til læringsutbytte av nettbasert undervisning faktisk meiner at deler av emnet er godt eigna til nettundervisning.

**Figur 28 - Påstand: "Deler av emnet er godt eigna for nettundervisning". Svar frå undervisarar på nett- og samlingsbaserte studium**



Trass i at det er mange som er kritiske til læringsutbyttet av nettundervisning, er det mange som ser fordelar med slik undervisning. Blant dei som er kritiske til læringsutbyttet, ser over halvparten likevel fordelar med nettbasert undervisning. Det går fram av figur 29. Samstundes oppgjev nesten 30 prosent at det ikkje finst fordelar med å undervise i emnet på nett, noko vi oppfattar som ein relativt einisidig negativ tilnærming til nettbasert undervisning i sitt fag.


**Figur 29 - Påstand: "Det finst fordelar med å undervise emnet på nett". Svar frå undervisarar på nett- og samlingsbaserte studium**



### Høg motivasjon for å vidareutvikle eigen nettundervisning

I kapittel 3 såg vi at fire av fem ynskjer kompetanseheving i nettpedagogikk. Vi har òg spurt respondentane om dei er motiverte for jobbe med å vidareutvikle god nettbasert undervisning. Figur 30 viser at det er høg motivasjon blant undervisarane for å vidareutvikle eiga undervisning, også blant dei som er kritiske til læringsutbyttet av nettundervisning. Medan alle dei som er positive til læringsutbyttet av slik undervisning er motiverte for å vidareutvikle god nettbasert undervisning, gjeld det over 80 prosent av dei som er negative til læringsutbyttet av nettundervisning.

Figur 30 - Påstand: "Eg er motivert for å vidareutvikle god nettbasert undervisning". Svar frå undervisarar på nett- og samlingsbaserte studium



## Oppsummering

I dette kapittelet har vi undersøkt korleis undervisarane i høgare yrkesfagleg utdanning organiserer undervisninga si, sidar ved undervisningspraksisen deira, og kva haldningar dei har til nettbasert undervisning.

Nyare forskning identifiser kva undervisningsmåtar som fungerer godt i ulike former for nettbasert utdanning, og kva som er særskilt viktig at undervisarane legg vekt på i slike utdanningar. Noko av det som har størst betydning når slike utdanningsformer vert nytta for vaksne studentar, er at undervisarane veit kven studentane er, og kva behov og føresetnader dei har for å tileigne seg ny kunnskap. For vaksne studentar er det også særleg viktig at dei opplever undervisninga som *relevant*, at dei forstår kva som er forventa av dei (transparens), og at undervisninga gjev moglegheiter for samarbeidslæring.

Funna frå kartlegginga kan tyde på at ein stor del av den nett- og samlingsbaserte undervisninga i høgare yrkesfagleg utdanning er organisert på ein måte som er i samsvar med desse faktorane. Omtrent like mange nyttar synkron undervisning og/eller fysiske samlingar (70 prosent), noko som mogleggjer interaksjon med studentar i sanntid. Det er òg ein stor andel som nyttar asynkron undervisning, noko som gjev studentane auka fleksibilitet. Samstundes stiller asynkron undervisning høge krav til studentane, og krev truleg særskilt god tilrettelegging for å gi godt læringsutbyte.

Skal ein lukkast med utviklingsarbeid og kompetanseheving, er ein avhengig av tydelege signal frå skuleeigarar og leiarar, men òg av motivasjon og nysgjerrigheit på å utvikle undervisningsformer og metodar frå undervisarane sjølv. Kartlegginga syner at mange av undervisarane opplever at læringsutbyttet av nettundervisning er lågare enn av stadbasert undervisning, og at dei opplever at studentane ikkje er like deltakande i nettundervisning som i stadbasert undervisning. Dette er ein indikasjon på at nettundervisning stiller særleg høge krav til innsats og kompetanse frå undervisarane for å gje godt læringsutbyte. Berre ein liten del av undervisarane verkar svært negativt innstilte til nettundervisning generelt, og dei aller fleste oppgjev at dei ynskjer å vidareutvikle god nettbasert undervisning.

# 5 Fagskulanes tilrettelegging for kvalitet i nett- og samlingsbaserte utdanningar

---

*I dette kapittelet tek vi for oss korleis fagskulane strategisk og praktisk legg til rette for å kunne tilby nettbasert undervisning av høg kvalitet. Vi undersøker om utdanningsinstitusjonane forankrar arbeidet i strategiar og retningslinjer, og korleis leiinga jobbar for å prioritere dette arbeidet. Vidare presenterer vi institusjonanes ulike tilnærmingar for å heve dei tilsette sin kompetanse knytt til nett- og samlingsbaserte studium, og kor tilfredse undervisarane er med tilgangen på støttesystem for teknisk og nettpedagogisk hjelp ved skulane. Til slutt peikar vi på kva fagskuleleiarane opplever som utfordrande med å vidareutvikle kvaliteten i nett- og samlingsbaserte studium, og kva dei meiner styresmaktene kan bidra med.*

*I dette kapittelet kombinerer vi funn frå intervju med fagskuleleiarane og resultat frå spørjeundersøkinga blant undervisarane.*

## Betydning av institusjonell forankring i digitalisering av utdanninga

---

Det finst avgrensa kunnskap om korleis digital teknologi vert nytta i høgare yrkesfagleg utdanning, og kva som er viktig for å lukkast med digitaliseringsprosessar (Munthe, Malmo og Ruud, 2020). Det kan derfor vere relevant å støtte seg på det vi veit frå høgare utdanning. Fleire av rapportane i serien om den digitale tilstanden i høgare utdanning har peika på behovet for tydeleg og aktiv leiing for å lukkast med å integrere digitale læringsformer, og å syte for høg kvalitet i digitale undervisnings- og vurderingspraksisar (Norgesuniversitetet, 2015 og Diku, 2018). Inntil dei seinare åra har bruk av digitale læringsformer og studium i høgare utdanning i nokon grad vorte drivne av eldsjeler, utan kollektive og styrte prosessar, på grunn av manglande institusjonell forankring og leiing av digitaliseringsprosessane i utdanningane (Tømte mfl., 2013; Fosslund, 2015; Norgesuniversitetet, 2015; Fosslund og Ramberg, 2016; Krumsvik og Jones, 2017 i Diku, 2018). Leiinga må syte for kollektive og tverrfaglege prosessar i implementeringa av digital teknologi og undervisning. Desse perspektiva er også relevante i ei kartlegging av korleis fagskulane jobbar med nettbasert undervisning.

Blant dei 25 fagskulane som tilbyr nett- og samlingsbaserte studium, hadde 19 av dei minst halvparten av sine studentar i slike studium. Dei nett- og samlingsbaserte studia utgjer med andre ord ein stor del av utdanningstilbodet hos dei fleste fagskulane som tilbyr slike utdanning, noko som tilseier at det er behov for ei sterk leiing i implementering av teknologi og digital undervisning ved desse skulane.

Blant dei fagskulane som berre har ein liten andel studentar i nett- og samlingsbaserte studium, finn vi både private og fylkeskommunale fagskular. Gjennom intervjuva veit vi at fleire av desse skulane planlegg å tilby fleire nett- og samlingsbaserte studium i åra som kjem. Det tilseier at også desse

skulane bør jobbe aktivt med å utvikle kompetanse og kvalitet for å sikre høg kvalitet i studia i åra som kjem.

## Stor merksemd om nett- og samlingsbasert utdanning

---

Kartlegginga etterlet liten tvil om at vidareutvikling av nett- og samlingsbasert utdanning og behovet for meir kompetanse, har stor merksemd blant skuleleiarane i sektoren. Fagskuleleiarane er stort sett samstemte om at krava til kompetanse for å tilby nettbasert undervisning har auka dei siste åra. Særleg institusjonar som har byrja å tilby slike studium dei seinaste åra opplever det slik. Ein skuleleiar omtalte det som «ei potensrekning der n-faktoren har skutt i været».

### *Auka kompetansebehov skuldast primært høg etterspurnad og konkurranse om studentar*

I starten av kartlegginga hadde vi ein hypotese om at kompetansebehovet i dei nett- og samlingsbaserte studia har auka, og at dette mellom anna skuldast tydelegare krav frå myndigheitene. Ingen av informantane har peika på denne samanhengen. Dei viser derimot til andre drivkrefter for å forklare det auka kompetansebehovet.

Ser vi bort frå covid-19-pandemien, er den viktigaste drivkrafta som informantane peika på, ein auka etterspurnad etter fleksibel utdanning. Dei fylkeskommunale fagskulane oppfattar dessutan at det er ein del av oppdraget deira å tilby eit godt, fleksibelt utdanningstilbod som kan nå studentar som bur på ulike stader i fylket. Mange skuleleiarar og undervisarar er dessutan generelt opptatt av å tilby utdanning av høg kvalitet, og å ta i bruk nye moglegheiter som digitale verktøy og nye undervisningsformer gjev.

Det er også slik at konkurransen mellom fagskulane vert sterkare når det er snakk om nett- og samlingsbaserte utdanningar, fordi studentar og bedrifter i større grad kan velje utdanning basert på behov og kvalitet, snarare enn at utdanninga vert tilbydd ved ein skule i nærområde. Enkelte peikar på at sterk konkurranse om studentar er ein av årsakene til at dei tilbyr fleire nett- og samlingsbaserte studium, og til at dei satsar på kompetanse- og kvalitetsutvikling.

Nedstenging av samfunnet i samband med covid-19-pandemien har utan tvil vore ein sentral katalysator, fordi mange undervisarar som tidlegare ikkje underviste på nett, brått var tvungne til å gjere det. Fleire av fagskulane skryt av at undervisarane «kasta seg rundt» og «var på nett helga etter nedstenginga». Samstundes seier mange at behovet for kompetanse, rettleiing og bistand har vore stort i denne perioden. Fleire fagskuleleiarar takkar seg lukkelege for investeringar i utstyr eller kompetanse dei gjorde rett før pandemien.

## Eit mangfald av tilnærmingar

---

Med eit unntak, er fagskulane vi har gjort leiarintervju ved, blant dei 25 fagskulane som tilbyr nett- og samlingsbaserte studium. Den siste fagskulen vi gjorde intervju ved, har planar om å tilby nett- eller samlingsbaserte studium i løpet av dei komande to åra, og samarbeider no i utviklingsprosjekt med andre fagskular for å auke kompetansen blant undervisarane.

I intervjuet har vi konsentrert oss om tre tema: strategisk forankring og leiarforankring av kvalitetsutviklinga, kompetanseheving og kor vidt skulane har etablert støttefunksjonar for å hjelpe undervisarane når dei i sin arbeidskvardag har bruk for det, både med teknologien og å leggje opp god



nettbasert undervisning. I denne delen skal gå nærare inn i dei ulike måtane utdanningsinstitusjonane jobbar på.

## Strategisk forankring og leiarforankring


I intervju med leiarane spurde vi om skulane hadde eigne strategiar knytt til utvikling av nettbasert undervisning, eller om dette inngjekk i heilskaplege strategiar for verksemda. Strategisk forankring i planverk er forholdsvis lite utbreidd. Rett nok fann vi nokre eksempel både hos skular som har mange studentar i nett- og samlingsbaserte studium, og hos skular som er i startgropa med å tilby denne typen utdanning. Nokre trakk fram at digital og nettpedagogisk kompetanse er særskilt nemnt under prioritert kompetanseutvikling i skulens overordna strategi, utan at kvalitetsutvikling av nett- og samlingsbaserte studium isolert sett var ei overordna strategisk prioritering.

Vi spurde også om skulane hadde retningslinjer for det pedagogiske arbeidet med nettbasert undervisning. Nokre skular trekkjer fram at dei har generelle pedagogiske prinsipp som gjeld uavhengig av organisering av studiet, men vi fann berre nokre få døme på retningslinjer som er særskilt retta mot dei nett- og samlingsbaserte studia. Enkelte meinte at det er vanskeleg å finne ein felles praksis for undervisarane, mellom anna fordi dei har så ulikt utgangspunkt i digital og nettpedagogisk kompetanse.

Fråvær av formell forankring verkar likevel ikkje å vere avgjerande for at fagskuleleiinga tek gode grep. Intervjumaterialet gjev dessutan fleire eksempel på korleis aktive leiarar er rollemodellar og viser resten av personalet retning for digitaliseringsprosessane. Ved nokre av fagskulane er ein opptatt av å gjere deltaking i kurs og kompetanseheving knytt til nett- og samlingsbaserte studium obligatorisk for fast tilsette, og som eit tilbod til timelærarar. Vidare nemner enkelte at både rektor og avdelingsleiarar skal delta i kompetanseutviklingstiltaka saman med dei tilsette, nettopp for å stimulere til felles faglege refleksjonar og bevisstgjerings i det enkelte fagmiljøet og ved skulen generelt. Fleire trekkjer også fram at dei syt for at dei faglege diskusjonane rundt nettbasert undervisning og nettpedagogikk vert haldne i gang i felles møter og på planleggingsdagar.

Resultata frå spørjeundersøkinga viser at eit fleirtal av undervisarane opplever at leiarane deira er opptatt av at skulen skal tilby gode nett- og samlingsbaserte studium. Figur 31 viser at blant dei som underviser i nett- og samlingsbaserte studium til vanleg, og ikkje berre under pandemien, opplever 75 prosent at leiinga ved skulen er engasjert i å sikre nettbasert undervisning av høg kvalitet. Ein litt lågare andel, 66 prosent, meiner det vert lagt til rette for samarbeid og erfaringsdeling om nettbasert undervisning. Til sist viser figuren at berre halvparten opplever at skulen har eit systematisk opplegg for å utvikle nettpedagogisk kompetanse, medan nesten 30 prosent er ueinige. Vår tolking av resultata er at dei speglar funn frå leiarintervju; gjennomgåande viser mange leiarar engasjement for nettbasert undervisning, men det er det er meir variasjon mellom fagskulane når det gjeld konkretisering av engasjementet gjennom å leggje til rette for kollektive utviklingsprosessar, og ikkje minst når det gjeld å byggje opp kompetansen systematisk.

Figur 31: Ta stilling til fylgjande påstandar...



## Ulike tilnærmingar til kompetanseheving

Kompetanseheving er viktig i den fasen mange fagskular er og har vore i dei siste åra, der dei gjer ein særskilt innsats for å heve kvaliteten på nett- og samlingsbaserte studium. Kartlegginga viser at mange fagskular har investert i kompetanseutvikling, men på ulike måtar. Basert på intervjumaterialet, ser vi tre ulike tilnærmingar:

- ◆ tidsavgrensa kompetansehevingsopplegg, «eit felles løft»;
- ◆ opplæringspakke for nye tilsette og andre som har behov for det, «kompetanseheving ved ombordstiging»; og
- ◆ søkbare midlar til kompetanseheving for enkelttilsette utan særskilte føringar.

**Tidsavgrensa kompetansehevingsopplegg:** Fleire fagskular har i løpet av dei siste åra enten kjøpt ekstern kompetanseheving for alle tilsette, eller utvikla eit eige opplæringstilbod. Konkrete døme er fagskular som har utvikla vidareutdanningstilbod i nettpedagogikk i samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar, som tilbyr felles kurs av interne og eksterne foredragshaldarar for alle tilsette, eller som frikjøper litt av stillinga for tilsette som ynskjer å ta studiepoeng gjennom nettbaserte vidareutdanningstilbod. Vi har også funne fleire eksempel på at fagskulane utviklar eigne opplegg for kompetanseheving i personalet. Eit døme på ei systematisk tilnærming, som vann utdanningskvalitetsprisen i 2020, er det tre-årige prosjektet «Eg e-lærer». Prosjektet er utvikla ved Fagskolen i Hordaland.

### *Eg e-lærer og Eg e-lærer maritim*

Prosjektet Eg e-lærer vart utvikla og gjennomført ved Fagskolen Hordaland i 2017-2019, etter initiativ frå undervisarar som opplevde at studentane etterspurde meir digitale undervisningsformer. Opplegget var obligatorisk for alle undervisarane, og faglege kurs var kombinert med sosiale samlingar.

Prosjektet var delt i to trinn. I det første trinnet fekk undervisarane først opplæring både i tekniske ferdigheiter og i pedagogisk bruk av ei rekke digitale verktøy. Deretter tok undervisarane del i pedagogisk utviklingsarbeid, der opplegget bestod av innlegg frå eksterne forelesarar og interne drøftingar av moglegheiter og avgrensingar når ein skal digitalisere undervisning og læringsarbeid. Samstundes gjorde skulen investeringar i digital infrastruktur, så som digitale undervisningsrom.

I det andre trinnet skulle undervisarane integrere digitale læringsformer i eiga undervisning, med vekt på pedagogisk og didaktisk bruk av dei digitale verktøya.

Prosjektet vart støtta økonomisk gjennom utviklingsmidlar frå Diku.

Prosjektet har vorte følgt opp av eit nytt og meir spesialisert prosjekt, «Eg e-lærer maritim». Det er maritime avdelingar ved ei rekke fagskular som deltek i dette prosjektet, frå og med skuleåret 2019-2020. I dette prosjektet kartlegg den enkelte maritime avdeling sitt lokale kompetansebehov, utviklar læringsutbyteskildringar, og lagar ein lokal kompetanseutviklingsplan. Ein kombinerer opplæring frå interne og eksterne lærekrefter i sjølve kompetansehevinga. Der skulane har samanfallande behov, kan det vere aktuelt å samarbeide om innkjøp av eksterne foredrag eller kurs.

«Eg e-lærer maritim» er støtta med utviklingsmidlar frå Diku og det nasjonale programmet Maritim Kompetanse mot 2020 (MARKOM 2020).

Kjelder: Intervju og Fagskolen Vestland fylkeskommune, 2021

Ein av fordelane med dei tidsavgrensa kompetansehevingstilboda, er at ein kan få alle tilsette opp på eit minimumsnivå av kompetanse og innsikt. Det kan igjen føre til at fleire prøver ut nye verktøy og undervisningsmetodar, og stimulere til fleire faglege diskusjonar.

**Opplæringspakke for nye tilsette:** Ei utfordring er likevel at skulane stadig rekrutterer nye undervisarar, mellom anna frå stillingar i relevant arbeids- og næringsliv som ikkje nødvendigvis har den naudsynte pedagogiske, digitale eller nettpedagogiske kompetansen. Gjennom intervju ser vi at fleire skular, gjerne som ei oppfølging av ei tidsavgrensa kompetansehevingsopplegg, er i ferd med å utvikle opplæringspakkar som skal gje nye tilsette ei innføring både i teknisk og pedagogisk bruk av skulens digitale verktøy. Samstundes finn vi andre skular som ikkje har særskilte planar for korleis nye tilsette skal kunne tileigne seg denne kunnskapen.

**Kompetanseheving for enkelttilsette:** Gjennom intervju finn vi også eksempel på fagskular som ikkje satsar særskilt på kollektiv utvikling av undervisaranes nettpedagogisk kompetanse. Den enkelte undervisar har likevel moglegheit til å søke midlar til ulike typar vidareutdanning, til dømes i


nettpedagogikk. Nokre av desse skulane satsar på å tilby kompetanseheving for enkeltpersonar, som så skal spreie kunnskap og kompetanse internt.

Ei slik ordning kan på den eine sida vere eit teikn på at desse skulane ikkje prioriterer kompetanseheving i nettpedagogikk like høgt som skular med dei andre modellane. Men fleire fagskuleleiarar forklarar denne tilnærminga med at eit avgrensa økonomisk handlingsrom forhindrar dei frå å investere breitt i kompetanse særskilt retta mot nettbasert undervisning. I staden satsar ein på å investere i kompetansen til utvalde tilsette, som så spreier dette vidare gjennom interne kurs og på felles møter. Ei anna vurdering som ligg til grunn, er at når fagskulane konkurrerer om tilsette med bransjar som kan tilby langt høgare lønningar enn det fagskulen kan, er det sikrast å investere i kompetansen til tilsette som truleg vert verande i jobben nokre år.

## Fagskulane tilbyr i større grad opplæring i digitale verktøy enn i nettpedagogikk

Ser vi på innhaldet i opplæringa fagskulane tilbyr sine tilsette, er opplæring i digitale verktøy det flest undervisarar har fått tilbod om. Seks av ti undervisarar i nett- og samlingsbaserte studium har fått tilbod om slik opplæring, og nesten like mange i stadbaserte studium. Fire av ti undervisarar i nett- og samlingsbaserte studium har fått tilbod om opplæring i nettpedagogikk, og to av ti har fått dekkja kostnader for dette. Svært få har fått fritak frå undervisning for å delta i opplæring i nettpedagogikk. Ein fjerdedel av undervisarane i nett- og samlingsbaserte studium har ikkje fått noko tilbod frå arbeidsgjevaren sin om kompetanseheving knytt til nettundervisning.

**Figur 32: Når det gjeld kompetanseutvikling knytt til nettundervisning, har arbeidsgjevaren din tilbydd deg følgjande?**



## Tilgang på tekniske og nettpedagogiske støttesystem


Vi har også undersøkt utdanningsinstitusjonanes tilgang på tekniske og nettpedagogiske hjelpetenester. Både intervju og spørjeundersøkinga viser at fagskulane i større grad har tekniske enn nettpedagogiske støttesystem. I intervju spurde vi om fagskulane har e-pedagog, noko som var eit framand omgrep for mange av informantane. Ein e-pedagog er ein tilsett med formell nettpedagogisk utdanning som har eit særskilt ansvar for å hjelpe undervisarane med pedagogisk og didaktisk tilrettelegging av nettbasert undervisning, og å sikre at den nettbaserte undervisninga har god pedagogisk kvalitet. Av skulane i vårt utval, har om lag ein tredjedel ein person som fyller ei slik rolle og som har formell utdanning i nettpedagogikk. I tillegg har nokre fleire fagskular såkalla superbrukarar. Desse skil seg frå e-pedagogar ved at dei ikkje nødvendigvis har formell nettpedagogisk

kompetanse, og at dei ikkje har ansvar utover å vere ein person undervisarane kan oppsøke ved behov for rettleiing og hjelp. Ein modell som ut ifrå intervju synest å vere ganske utbreidd, både ved større og mindre fagskular, er at enten ein leiar, undervisarar eller ei lita ressursgruppe med leiar og undervisarar, har eit særskilt ansvar for å støtte både nye og meir erfarne undervisarar ved behov. Vi skildrar korleis dette er organisert ved fagskulen Innlandet, seinare i kapittelet.

Intervjua viser vidare at nokre fagskular ikkje har nokon støttefunksjonar for nettpedagogikk. Somme meiner at støttefunksjonen for IT kan vere til hjelp med nokre spørsmål. Fleire av dei fylkeskommunale fagskulane har sin tekniske støttefunksjon plassert i fylkeskommunen, og det er varierende erfaringar med kor tilgjengeleg denne er. Vi finn også skular som verkeleg har investert i støttefunksjonar for nettbasert undervisning. NKI, som vert omtalt seinare i kapittelet, står langt på veg i ei særstilling med det at dei bygger opp ei eiga avdeling med fleire tilsette som tilbyr både teknisk og nettpedagogisk støtte og rettleiing. Det er ikkje sikkert at alle fagskular kan satse i slik skala, men det er rimeleg å tru at det i stor grad legg til rette for høg kvalitet i nett- og samlingsbaserte studium.

Gjennom intervju fann vi at undervisarar ved fleire skular fekk avsett arbeidstid til å hjelpe andre lærarar med nettundervisning, og har ein støttefunksjon. Vi la derfor inn eit spørsmål om dette i spørjeundersøkinga til undervisarane. Ein relativt stor andel av respondentane, 15 prosent, svarte at dei har ein slik funksjon. Det er positivt at fagskulane utpeikar slike ressurspersonar. Figur 33 viser at ein av tre undervisarar med støttefunksjon har formell utdanning i nettpedagogikk. Sjølv om dette er fleire enn blant resten av undervisarane, er det altså to tredjedelar av som ikkje har formell nettpedagogisk kompetanse.


**Figur 33: Kor vidt undervisarar med støttefunksjon for nettpedagogisk undervisning har formell nettpedagogisk kompetanse, og type kompetanse.**




Korleis opplever undervisarane tilgangen på støttefunksjonar ved fagskulane? Dei tre figurane under viser at dei som til vanleg underviser i nett- og samlingsbaserte studium er noko meir nøgd med støttesystema ved skulen enn dei som normalt underviser stadbasert. Av dei som driv nettundervisning til vanleg, er det likevel berre litt over halvparten som opplever at dei får god støtte til korleis dei skal bruke programvare og teknisk utstyr i klasserommet, og å velje og bruke verktøya på ein pedagogisk måte. Når det gjeld støtte til produksjon av innhald til digitale læringsressursar er det færre enn halvparten som meiner dei får god støtte.

Vår vurdering av desse resultatane er at mange fagskular har ein veg å gå når det gjeld å støtte undervisarane med grunnleggjande oppgåver knytt til nettundervisning.


**Figur 34: Kor god støtte/rettleiing opplever du å få [frå fagskulen] når det gjeld bruk av programvare og teknisk utstyr i klasserom?**



Figur 35: Kor god støtte/retteleing opplever du å få [frå fagskulen] når det gjeld val og pedagogisk bruk av ulike digitale verktøy i undervisning, læring og vurdering?




Figur 36: Kor god støtte/retteleing opplever du å få [frå fagskulen] når det gjeld produksjon av innhald til digitale læringsressursar?



## Skilnader i kor systematisk og heilskapleg utdanningsinstitusjonane jobbar

Kartlegginga stadfestar noko av den variasjonen vi forventa å finne: variasjon i kor strategisk utdanningsinstitusjonane jobbar, store forskjellar i tilnærming til kompetansehevande tiltak og i kva grad skulane har støttefunksjonar for nettbasert undervisning. Samstundes viser kartlegginga at dei aller fleste av fagskulane vi har gjort intervju ved, har gjort konkrete tiltak for å auke kvaliteten i nett- og samlingsbaserte studium.

Figur 37 - Grader av systematisert innsats



Samla sett tyder intervjumaterialet på at variasjonen er stor når det gjeld kor systematisk fagskulane jobbar for å leggje til rette for kvalitetsutvikling i nett- og samlingsbaserte studium. Eksempel på systematisk arbeid kan vere å etablere målretta system for kompetanseheving for undervisnarane, syte for at det er ein kontinuerleg fagleg samtale om kvalitet i nettbasert undervisning i personalgruppa, eller å byggje ut tekniske og nettpedagogiske støttefunksjonar for dei tilsette. Enkelte skular jobbar ikkje berre systematisk med eit av desse områda, men rettar systematisk innsats mot fleire område

samtidig. Skular som rettar systematisk innsats mot mange område kan vi seie har ei **heilskapleg satsing**.

Oppsummert kan vi grovt sett dele skulane i tre kategoriar etter grad av systematisk innsats (Figur 37): dei som har ei heilskapleg satsing, dei som har ei systematisk satsing på nokre men ikkje alle område, og dei som i liten grad har nokon systematisk satsing på kvalitetsutvikling i nett- og samlingsbaserte studium.

### Kategori 1: Heilskapleg tilnærming til kvalitetsutvikling i nett- og samlingsbaserte studium

I den første kategorien finn vi eit lite knippe fagskular som jobbar heilskapleg med kvalitetssikring og -utvikling av nett- og samlingsbaserte studium. Ved desse skulane har leiinga formell pedagogisk kompetanse, og i mange tilfelle formell nettpedagogisk kompetanse. Leiarane er tett på

undervisarane, både i utvikling av utdanningar og i rettleiing av undervisarane. Vidare har desse skulane enten undervisarar med nettpedagogisk kompetanse, opplæringstilbod i nettpedagogikk, og/eller gode støttesystem for både teknisk og nettpedagogisk bistand.

Fleire av desse skulane er forholdsvis små, og har nett- eller samlingsbaserte studium meir eller mindre som sin forretningsmodell. Det betyr at enten alle eller svært mange av studentane, deltek i nett- og samlingsbaserte studium. Fleire av dei tilbyr heller ikkje samlingsbaserte studium, men berre reine nettbaserte studium.

Vi finn også eit par større fagskular i denne gruppa, så som NKI Fagskoler AS og Fagskolen Innlandet. Grunnen til at vi trekkjer fram desse to fagskulane, er at dei har ulike tilnærmingar som kan vere til inspirasjon for andre. NKI har etablert ei eiga avdeling med relevante fagpersonar og særskilt ansvar for både kvalitetsutvikling, støttefunksjonar og andre kvalitetsfremjande tiltak i dei nett- og samlingsbaserte studia. Fagskolen Innlandet har også satsa på kompetanseutvikling og støttefunksjonar, men ansvaret ligg ulike stader i organisasjonen, og nokre av funksjonane vert fylt av erfarne nettundervisarar som er frikjøpte frå undervisinga for å fylle ei støttefunksjon.

#### **Boks 1: NKI Fagskoler AS**

NKI Fagskoler AS tilbyr ei brei portefølje av fleksible nettstudium med løpande oppstart, der studentane kan starte studiet når dei ynskjer. Skulen tilbyr også nettstudium med fast oppstart to gonger i året, der studentane fylgjer ein fast progresjon saman med ein nettklasse. Nokre av desse studia er samlingsbaserte med fysiske samlingar.

Fagskolen har etablert ei eiga støtteavdeling for teknologi og læring. Fagstaben i denne avdelinga kombinerer pedagogikk-, læringsdesign- og teknologikompetanse. Avdelinga skal blant anna vidareutvikle skulens strategi for nettpedagogikk og bruk av digitale verktøy.

Skulen er i ferd med å revidere fleire kurs og overføre dei til ein ny læringsplattform. Kursrevisjonen omfattar blant anna ein gjennomgang av den forma som nettpedagogikken byggjer på, men eit sentralt prinsipp er å vidareføre det som allereie fungerer godt. Det er også etablert eit eige system for studentoppfølging, som skal integrerast med den nye læringsplattforma. Skulen har dessutan investert i digitale verktøy som skal løfte kvaliteten i undervisinga og motivere studentane til gjennomføring. Digitale klasserom og spelifisering (gamification) er døme på teknologi som bidrar til å auke interaksjonen mellom studentar og faglærarar, og studentane seg i mellom.

#### **Boks 2: Fagskolen Innlandet**

Fagskolen Innlandet etablerte sitt første nettbaserte studium i 2005, og hausten 2020 deltar nær 80 prosent av fagskulens studentar i ei form for samlingsbasert utdanning. Skulen har også utvikla ein nettpedagogisk strategi.

Skulen har sidan 2008 hatt ein eigen koordinator med formell nettpedagogisk utdanning for dei nettbaserte studia, og ei lærargruppe som har jobba systematisk

med nettpedagogisk utviklingsarbeid. Disse har fått dedikert tidsressurs til arbeidet, og eigen e-postkonto for spørsmål frå andre i personalet. Dei siste åra har denne gruppa jobba mest med implementering av og bistand til bruk av ny læringsplattform. Leiinga ser på slik støtte som avgjerande både i implementeringsfasen av ny plattform ved skulen og i opplæring av nye tilsette.

I 2019 inngjekk fagskulen eit samarbeid med Nord universitet for å gjennomføre eit vidareutdanningskurs i nettpedagogikk for skulens pedagogiske personale og leiarar skuleåret 2019-2020. Kurset gav 7,5 studiepoeng og gjekk over eitt skuleår, med ein avsluttande eksamen. Målet var å auke den generelle nettpedagogiske kompetansen blant leiarar og i det pedagogiske personalet. Ein ynskte også å syte for at heile kollegiet fekk likare føresetnader for å tilby god nettbasert undervisning og eit felles språk for å diskutere nettpedagogiske spørsmål. Eit sentralt prinsipp var at både leiarar og flest mogleg undervisarar deltok i vidareutdanningstilbodet. Det innebar at også timelærarar vart inviterte, og mange av desse deltok. Leiinga meiner at dei viktigaste effektane av investeringa er at dei med lågast kompetanse frå før fekk vesentleg betre føresetnader, og at det initierte langt fleire og gode diskusjonar om pedagogikk og nettbasert undervisning i personalgruppa.

I 2020 tar ein del av personalet eit kurs som byggjer på det førre. I tillegg utviklar fagskulen Innlandet i samarbeid med fagskulen i Oslo eit læringsopplegg i digitale ferdigheiter og nettpedagogikk for alle tilsette, men spesielt tilrettelagt for dei nytilsette. Prosjektet strukturerer og vidareutviklar læringsressursar som allereie finst om ulike verktøy ved skulane, og utviklar læringsopplegg for nyare verktøy.

### *Kategori 2: Systematisk satsing på eitt eller fleire område*

Den neste kategorien består av fagskular der skuleleiinga aktivt har tatt grep innanfor nokre av dei satsingsområda vi har spurt etter, men som ikkje jobbar like systematisk med alle områda.

Størsteparten av skulane vi har intervjuet høyrer heime i denne kategorien. Gruppa omfattar både mindre og større skular, og både private og offentleg eigde skular. Mange av dei har fleire eller like mange studentar i nett- og samlingsbaserte studium som i stadbaserte studium. Men vi finn også døme på skular som jobbar systematisk og heilskapleg utan at andelen studium og studentar i nett- og samlingsbaserte utdanningar er høg. I nokre tilfelle er dette eit strategisk arbeid i forkant av ei satsing på nett- eller samlingsbaserte studium.

På same måte som fagskulane som jobbar mest heilskapleg, står rektor eller ein annan sentral person i skulens leiargruppe ved skulane i denne kategorien fram som tydeleg engasjert i å sikre eit godt nett- og samlingsbasert utdanningstilbod. I ein del tilfelle engasjerer rektor seg personleg. Ved andre skular i denne gruppa, har rektor tilsett ein leiar som har særskilt ansvar for å sikre kvaliteten i skulens portefølje av nettstudium. I mange tilfelle – men ikkje alle – har rektor eller denne leiaren formell pedagogisk kompetanse retta mot nettbasert undervisning.

Trass i likskapane, er det også tydelege variasjonar mellom skulane i denne gruppa om kva for grep som vert vektlagt, og kor systematisk innsatsen er. Nokre av skulane nærmar seg ei heilskapleg satsing



der dei jobbar systematisk på fleire måtar, medan andre har tatt enkelte grep knytt til kompetanseheving, men har ikkje komen lenger på andre områder.

### *Kategori 3: Lite systematisk satsing på nett- og samlingsbasert utdanning*

I vårt utval finn vi også eit par fagskular som i liten grad har ei systematisk tilnærming til kompetanseutvikling eller til å bygge opp tekniske og nettpedagogiske støttefunksjonar for undervisarane. Desse skulane har få studentar i nett- eller samlingsbaserte studium i dag, og trass i ein visjon om å auke talet på studentar, er det få konkrete planar om korleis kvaliteten skal vidareutviklast på ein systematisk måte. Samstundes har vi også intervjuua andre fagskular i same situasjon, det vil seie at dei har forholdsvis få studentar i nett- og samlingsbaserte studium eller som framleis er i ein utviklingsfase, men som likevel satsar meir systematisk på å sikre god kvalitet i det dei skal tilby.

## Behov for bistand frå styresmaktene

---

Dei aller fleste fagskuleleiarane vi har intervjuua meiner at deira skule har forholdsvis gode føresetnader for å tilby nett- og samlingsbaserte studium av høg kvalitet. Samstundes har dei fleire innspel til kva dei treng frå eksterne aktørar og styresmaktene, for at det vidare arbeidet med slike studium skal verte betre.

### *Ynskjer eiga PPU-utdanning med nettpedagogikk*

Informantane er delte i synet på om eksisterande tilbod om kompetanse i nettpedagogikk er av tilstrekkeleg kvalitet. Fleire har inntrykk av at det har vorte langt fleire tilbod dei siste åra, både frå private tilbydarar og i UH-sektoren, utan at dei har erfaring med å bruke desse tilboda. Samstundes meiner fleire at det er vanskeleg å få ei god oversikt over kva som finst. Vi merkar oss også at fleire av dei som har samarbeidd om utvikling av kurs, eller som har kjøpt kurs frå UH-institusjonar, ikkje har vore like nøgde med kvaliteten. Nokre av innvendingane handlar om at kursa ikkje vert tilpassa fagskulane, slik føresetnaden i utgangspunktet var, og at pensum og innhald må tilføre noko nytt også for dei som har noko erfaring med nettundervisning frå før.

Fleire av informantane våre tek til orde for at det største behovet som gjeld kompetanseutvikling i sektoren no, er å få ei eiga pedagogisk utdanning for fagskulane. Ifølge desse informantane, bør nettpedagogikk integrerast i ei slik utdanning, framfor å legge det opp som supplerande utdanningar og kurs. OsloMet tilbyr ei PPU-utdanning for fagskular i dag, men er i oppstartsfasen, og det er etter det vi forstår nokre forhold som gjer at tilbodet ikkje er optimalt<sup>14</sup>.

### *Økonomi*

Kartlegginga gjev ikkje grunnlag for å vurdere om dei offentlege tilskota er godt innretta, eller korleis fagskulane sine økonomiske føresetnader for å tilby gode nett- og samlingsbaserte studium er. Men fleire av leiarinformantane våre opplever at økonomien i deira skule er stram, og at handlingsrommet når det gjeld å etablere støttefunksjonar og å tilby gode kompetanseheving er avgrensa. Fleire understrekar at nett- og samlingsbaserte studium ikkje er rimelegare enn å tilby stadbaserte studium. I

---

<sup>14</sup> Det framgår av offentlig tilgjengelege sakspapir frå rådsmøte i Nasjonalt fagskuleråd 1.september 2020 at utdanninga ikkje er finansiert, og at deltakarane må ha praksis i vidaregåande opplæring, ikkje i fagskulen. Sjå <https://diku.no/media/files/diku.no/ressurser-og-verktoey/nasjonalt-fagskoleraad/referat-2020/dagsorden-og-sakspapirer-08.09.2020-med-vedlegg.pdf>

staden kan dei i utviklingsperioden reelt sett vere dyrare, nettopp fordi kompetanseheving og utviklingsarbeid er ressurskrevjande. Nokre av informantane seier eksplisitt at måten tilskotet dei får til nett- og samlingsbaserte utdanningar er innretta på i deira fylke, ikkje gjev dei insentiv til å jobbe med vidareutvikling av desse utdanningane. Nokre av skulane investerer eigne midlar i kvalitetsutvikling, men mange av skulane nyttar også utviklingsmidlar frå Diku. Fleire fortel at dei har søkt og fått innvilga pengar fleire gonger, og brukar dette som ein sentral måte å finansiere dei grepa dei tek på. Mange informantar uttrykker at dei er svært nøgde med denne moglegheita.

## Oppsummering

---

Implementering av teknologi og digital undervisning krev aktivt, engasjert og systematisk leiarskap. Kartlegginga syner at dei fleste leiarar ved fagskular som tilbyr nett- og samlingsbasert utdanning i dag, viser engasjement og tek grep for å vidareutvikle utdanningane. Det er likevel ein del variasjonar i kor systematisk skulane jobbar, til dømes med kompetanseutvikling, å støtte undervisarane i det daglege med teknisk og pedagogisk støtte og rettleiing, og å leggje til rette for samarbeid og erfaringsdeling med kollegaer. Variasjonen heng dels saman med kor stor rolle nett- og samlingsbasert utdanning har i den enkelte skules studieportefølje, men også med kor høg prioritet leiinga gjev til ulike kvalitetsforbetrande tiltak.

Kartlegginga viser at tre modellar for kompetanseutvikling som vert brukt, er opplæring når undervisaren startar i jobben, felles kurs for alle undervisarar, og støtte til undervisarar som sjølv tek initiativ til kompetanseheving. Ingen av desse modellane dekkjer heile kompetansebehovet. Kartlegginga viser også at ein del lærarar saknar systematikk i den kompetanseutviklinga arbeidsgjevaren deira legg opp til. Så langt ser det ut til at ein del fagskular har prioritert opplæring i digitale verktøy i sine kompetansehevingstiltak, heller enn nettpedagogisk opplæring.

Ein del undervisarar opplever at dei kunne fått betre teknisk og pedagogisk støtte frå institusjonen i sitt arbeid med nettundervisning.

Ifølge fagskuleleiingane vi intervjuar har fagskulane i dag nokså gode vilkår for å tilby nett- og samlingsbaserte studium. Det er likevel nokre utfordringar som møter institusjonane i arbeidet med å utvikle eit nett- eller samlingsbasert utdanningstilbod. Ein del undervisarar er av ulike årsaker skeptiske til nettundervisning, og ein del leiarar har utfordringar med å motivere dei tilsette til å ta del i ei satsing på slike studium. Det er delte meiningar om dei økonomiske føresetnadene er gode nok for å sikre kvalitetsutvikling i nett- og samlingsbaserte studium, men nokre skular opplever at det er krevjande å finansiere opptrappinga av den nettpedagogiske kompetansen.

Mange etterlyser pedagogisk utdanning som er spesielt retta mot fagskulen, i form av ei praktisk pedagogisk utdanning. Ei slik utdanning bør inkludere nettpedagogikk.

## 6 Oppsummering

---

*Målet med denne kartlegginga har vore å få kunnskap om kva føresetnader utdanningsinstitusjonar og undervisarar i høgare yrkesfagleg utdanning har for å tilby nett- og samlingsbaserte utdanningar av høg kvalitet. Kunnskapen skal danne grunnlag for å peike ut vegen vidare: Kva er dei viktigaste tiltaka som utdanningsinstitusjonane, men også styresmaktene, kan gjere for å styrke nett- og samlingsbaserte utdanningar? Kartlegginga må sjåast i samanheng med det overordna målet for sektoren; å sikre høgare yrkesfagleg utdanning av høg kvalitet og i tråd med arbeidslivets behov.*

### Aukande, men framleis avgrensa formell nettpedagogisk kompetanse blant undervisarane

---

Fagmiljø som tilbyr utdanningar der heile eller deler av undervisninga vert tilbydd på nett, skal ifølgje NOKUT ha relevant pedagogisk kompetanse for slike undervisningsformer. Krava kan oppfyllest gjennom formell eller ikkje-formell pedagogisk kompetanse særskilt relevant for å undervise på nett, men også ved at nokon i fagmiljøet har lang erfaring med å tilby nettbasert undervisning (uformell kompetanse).

Eit hovudfunn frå kartlegginga er at berre ein fjerdedel av dei som underviser på nett har formell nettpedagogisk kompetanse. Andelen har auka betydeleg dei siste to-tre åra, noko som indikerer at fagskulane har auka satsinga på formalkompetanse i nettpedagogikk. Det er stort sett gjennom avlagte enkeltemne undervisarane har opparbeida seg denne kompetansen. Omfanget av formell nettpedagogisk kompetanse blant undervisarane må likevel seiast å vere forholdsvis lågt, og kan gjerne aukast. Samstundes tyder funn frå undersøkingane, både blant undervisarane og skuleleiarane, at kvaliteten på formell pedagogisk utdanning/vidareutdanning som er retta mot undervisning på nett, kan forbetrast.

#### *Ikkje-formell nettpedagogisk opplæring er mest utbreidd*

Kartlegginga viser vidare at dei fleste som underviser på nett, seks av ti, har sitt kompetansegrunnlag frå ikkje-formell opplæring, det vil seie ikkje-poenggivande kurs og seminar. Kartlegginga seier ikkje noko om kva den ikkje-formelle opplæringa har bestått i, kvaliteten på opplæringa, eller kor omfattande den har vore. Men det vi veit, er at undervisarane vurderer at den ikkje-formelle opplæringa i avgrensa grad har bidrege til den nettpedagogiske kompetanse deira. Ifølgje undervisarane har ikkje-formell opplæring bidrege mindre enn både ulike formar for uformell og formell opplæring. Det kan tyde på at dersom fagskular vil satse vidare på ikkje-formelle kurs og seminar som kompetansehevingstiltak i nettpedagogikk, bør dei vere merksame på om kvaliteten på og omfanget av desse er gode nok. Mange undervisarar, meir enn fire av ti, har også lang erfaring med nett- og samlingsbaserte utdanningar.

Kartlegginga viser også at ein av fem av dei som til vanleg underviser på nett, verken har formell eller ikkje-formell nettpedagogisk utdanning og mindre enn tre år erfaring med nettundervisning.

#### *Kvardagslæring og utviklingsprosjekt aukar den nettpedagogiske kompetansen*

Det er vidare interessant at undervisarane opplever at det å prøve seg fram, å diskutere nettpedagogiske problemstillingar med kollegaer, og å delta i digitale utviklingsprosjekt, er det som er mest verdifullt for å vidareutvikle eigen nettpedagogisk kompetanse. Det syner kor viktig det er at fagskuleleiarane, både på avdelingsnivå og institusjonsnivå, legg til rette for og deltek i faglege diskusjonar knytt til vidareutvikling av kompetanse, metodar og tilbod.

## Nettpedagogisk kompetanse bør vidareutviklast

---

Etter vår vurdering, syner kartlegginga at sjølv om pedagogisk kompetanse til å tilby nett- og samlingsbasert utdanning har auka dei siste åra, bør det framleis prioriterast i åra som kjem. Svært mange av undervisarane ynskjer meir kompetanse, og mange er motiverte for å vidareutvikle nett- og samlingsbaserte utdanningar. Å vidareutvikle kompetansen inneber ikkje berre å tilby fleire undervisarar formell og ikkje-formell opplæring, men også å sikre at kvaliteten på opplæringa som vert tilbydd er relevant og av høg kvalitet.

Det kan òg vere nyttig å kartlegge korleis studentane opplever kvaliteten på nett- og samlingsbaserte studium, enten ved å utvide studiebarometeret for fagskulen eller gjennom ein eigen kartlegging.

### *Utdanningsinstitusjonane må setje i verk fleire kvalitetshevande tiltak samtidig*

Det er positivt at kartlegginga viser at fagskuleleiarar i utdanningsinstitusjonane som tilbyr eller planlegg å tilby nett- og samlingsbaserte utdanningar i all hovudsak er opptekne av kvalitetsutvikling i desse utdanningane, og at dei har iverksett konkrete tiltak. Eit hovudfunn er likevel at det er stor variasjon i kor systematisk utdanningsinstitusjonane jobbar, og om innsatsen kan kallast heilskapleg ved at innsatsen vert retta mot fleire områder samstundes. Ikkje overraskande, er det ein samanheng mellom kor stor rolle nett- og/eller samlingsbaserte utdanningar spelar i studieporteføljen og kor systematisk og heilskapleg innsatsen er. Likevel finst det døme på utdanningsinstitusjonar som har satsa før andelen studentar er høg, og utdanningsinstitusjonar der satsinga på kvalitet tilsynelatande er på etterskot.

Vår vurdering er at trass i fleire positive funn, har mange av utdanningsinstitusjonane framleis ein veg å gå i sitt arbeid med å legge til rette for høg kvalitet i nett- og samlingsbaserte utdanningar. Færre enn halvparten av dei som driv nett- og samlingsbasert undervisning til vanleg, meiner at fagskulen har eit systematisk opplegg for å utvikle nettpedagogisk kompetanse. Eit mindretal, 40 prosent, har fått tilbod om opplæring i nettpedagogikk. Litt over halvparten opplever at dei får god støtte til korleis dei skal bruke programvare og teknisk utstyr i klasserommet, og å velje og bruke verktøya på ein pedagogisk måte. Innsatsen i tida som kjem bør derfor særleg rettast mot kompetanseutvikling blant undervisarane og å sikre tenlege støttesystem for pedagogisk og didaktisk råd og rettleiing.

Det er viktig at lærarane i samspel med studentane finn gode måtar å sikre studentaktiv læring på, og at lærarane kjenner til og har kompetanse på å leie læringsaktivitetar som ein veit gjev godt læringsutbyte på. Det vil vere nyttig med meir kunnskap om kva både studentar og lærarar opplever som mest utfordrande med ulike former for nettbasert undervisning.

Fleire fagskuleleiarar peikar på at stram økonomi gjer det vanskeleg å satse like mykje på kvalitetsutvikling som dei kunne tenke seg. Kartlegginga har ikkje gått nærmare inn på påstandar om økonomi og tildelingsmodell, men mange utdanningsinstitusjonar nyttar dei søkbare utviklingsmidla som Diku forvaltar til digital kompetanseheving for tilsette. Fleire omtalar midlane som viktige i denne

samanhengen. I og med at løyvingane har vokse dei siste åra, er det moglegheiter for å få støtte òg for dei som så langt har satsa minst.

## Kompetansehevingstilbod tilpassa høgare yrkesfagleg utdanning

---

Mange av fagskuleleiarane meiner utdanningsinstitusjonane har naudsynte føresetnader for å drive kvalitetsutvikling i nett- og samlingsbaserte utdanningar. Fleire tek likevel til orde for å få ei praktisk-pedagogisk utdanning særskilt tilpassa undervisning i høgare yrkesfagleg utdanning, der nettpedagogikk inngår som ein del av ei utdanninga.

I tillegg er det indikasjonar i kartlegginga på at utdanningsinstitusjonane har behov for betre oversikt over formelle vidareutdanningstilbod i nettpedagogikk, og at det vert gjort tiltak for å sikre at slike tilbod held høg kvalitet. Det handlar dels om at vidareutdanningstilbod må vere relevante for undervisning i høgare yrkesfagleg utdanning, og at undervisarane får kunnskapar og ferdigheiter som dei har god bruk for i sitt vidare arbeid med utvikling av og undervisning i nett- og samlingsbaserte utdanningar.

# Litteratur

---

- Dahl, T., Askling, B., Heggen, K., Kulbrandstad, L. I., Lauvdal, T., Qvortrup, L., Salvanes, K. G., Skagen, K., Skrøvset, S., Thue, F. W. og Mausestaden, S. (2016). Ekspertgruppa om lærerrollen. Om lærerrollen: et kunnskapsgrunnlag. Bergen: Fagbokforlaget. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/cce6902a2e3646a09de2f132c681af0e/rapport-om-laererrollen-1.pdf>
- Deloitte (2021). Evaluering av fagskolemeldingen. Første delrapport – status for implementering av tiltak i fagskolemeldingen. Henta frå <https://mkto.deloitte.com/rs/712-CNF-326/images/forste-delrapport-evaluering-av-fagskolemeldingen.pdf>
- Diku. (2020). Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning. (Rapportserie Nr. 4, 2020). Henta frå <https://diku.no/content/download/2537/file/Tilstandsrapport%20for%20h%C3%B8gare%20yrkesfagleg%20utdanning%202020.pdf>
- Fagskolen Vestland fylkeskommune. (2021, 10. januar). «Eg e-lærer» prosjekt vinner utdanningskvalitetsprisen 2020. Henta frå <https://www.hordaland.no/nn-NO/skole/fagskolen-i-hordaland/artikkelarkiv/eg-e-larer-prosjekt-vinner-utdanningskvalitetsprisen-2020/>
- Fagskoletilsynsforskriften. (2018). Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning (FOR-2018-10-25-2254).
- Fagskoletilsynsforskriften. (2020). Forskrift om akkreditering av og tilsyn med høyere yrkesfaglig utdanning (FOR-2020-04-23-853). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-04-23-853?q=fagskoletilsynsforskriften>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2020) Levende lokalsamfunn for fremtiden – Distriktsmeldingen. Meld. St. 5 (2019-2020). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/935d2cc0d4924184810f4bf336662c80/no/pdfs/stm201920200005000dddpdfs.pdf>
- Kunnskapsdepartementet (2011). Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Henta frå [https://www.nokut.no/siteassets/nkr/250414\\_nasjonalt\\_kvalifikasjonsrammeverk\\_for\\_livslang\\_laring\\_nkr.pdf](https://www.nokut.no/siteassets/nkr/250414_nasjonalt_kvalifikasjonsrammeverk_for_livslang_laring_nkr.pdf)
- Kunnskapsdepartementet. (2017). Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning (Meld. St. nr 9 (2016-2017)). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-9-20162017/id2522412/>
- Kunnskapsdepartementet (2020) Kompetansereformen – Lære hele livet. Meld. St. 14 (2019-2020). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/afb66fbbcdfb47749f1b7007b559d145/no/pdfs/stm201920200014000dddpdfs.pdf>
- Kunnskapsdepartementet. (2021). Endringer i universitets- og høyskoleloven, utdanningsstøtteloven, fagskoleloven og yrkeskvalifikasjonsloven mv. (samleproposisjon) (Prop. 111 L (2020–2021)). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-111-l-20202021/id2840742/>
- Lyckander, R. H. og Grande, S.Ø. (2018). Kompetanse og kompetansebehov i fagskolene. (OsloMet Rapport 2018 nr 7). Oslo: OsloMet – storbyuniversitetet

- Munthe, E., Malmo, K.-A. S. og Ruud, E. (2020). Fagskoleutvikling i et digitalt landskap - kvalitet og fleksibilitet. En systematisk kunnskapsoversikt. (KSU 3/2020). Stavanger: Kunnskapssenter for utdanning
- NOKUT. (2014). Veiledning til fagskoletilsynsforskriften. Med retningslinjer for utforming av søknader om godkjenning av fagskoleutdanning. (NOKUTs veiledninger, versjon 2.0 november 2014).
- NOKUT. (2017). Tilsyn med nettbaserte tekniske fagskoleutdanninger (NOKUTs tilsynsrapporter, saksnummer 16/00625). Henta frå [https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/tilsyn-fagskoletilbud/2017/tilsyn\\_nettbaserte\\_tekniske\\_fagskoleutdanninger\\_2017.pdf](https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/tilsyn-fagskoletilbud/2017/tilsyn_nettbaserte_tekniske_fagskoleutdanninger_2017.pdf)
- NOKUT. (2020, 14. desember). Informasjonsskriv om ny fagskoletilsynsforskrift – forskrift 23. april 2020 nr. 853 (i kraft 1. august 2020). (NOKUTs ref: 19/05233-25). Henta frå <https://www.nokut.no/siteassets/fagskole/informasjonskriv-om-ny-fagskoletilsynsforskrift.pdf>
- NOKUT. (2020b). Betinget vedtak om akkreditering av fagskoleutdanning. Konstruksjon, design og produksjon av verkstedtekniske produkter ved Fagskolen i Troms. (Tilsynsrapport, NOKUTs saksnummer 20/08135). Henta frå [https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/akkreditering-fagskoletilbud/2020/konstruksjon-design-og-produksjon-av-verkstedtekniske-produkter\\_fagskolen-i-troms\\_2020.pdf](https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/akkreditering-fagskoletilbud/2020/konstruksjon-design-og-produksjon-av-verkstedtekniske-produkter_fagskolen-i-troms_2020.pdf)
- NOKUT. (2020c). Betinget vedtak om akkreditering av fagskoleutdanning. Endringskompetanse og forbedringsarbeid ved Fagskolen i Agder. (Tilsynsrapport, NOKUTs saksnummer 20/08421). [https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/akkreditering-fagskoletilbud/2020/endringskompetanse-og-forbedringsarbeid\\_fagskolen-i-agder\\_2020.pdf](https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/akkreditering-fagskoletilbud/2020/endringskompetanse-og-forbedringsarbeid_fagskolen-i-agder_2020.pdf)
- NOKUT. (2020d). Betinget vedtak om akkreditering av fagskoleutdanning. Technical Design: Building Information Modelling ved Noroff fagskole AS. (Tilsynsrapport, NOKUTs saksnummer 20/08185). Henta frå [https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/akkreditering-fagskoletilbud/2020/technical-design-building-information-modelling\\_noroff-fagskole\\_2020.pdf](https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/akkreditering-fagskoletilbud/2020/technical-design-building-information-modelling_noroff-fagskole_2020.pdf)
- NOU 2014: 14. (2014). Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2014-14/id2353524/>
- NOU 2019: 12 (2019). Lærekraftig utvikling — Livslang læring for omstilling og konkurranseevne. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-12/id2653116/>
- Regjeringen (2017). Nasjonal kompetansepolitisk strategi (2017-2021). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/3c84148f2f394539a3eefdfa27f7524d/nasjonal-strategi-kompetanse-nett.pdf>
- SSB. (2021, 13. april). Rekordmange fagskolestudenter. Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/rekordmange-fagskolestudenter>
- Stortinget. (2021, 8. april). Endringer i universitets- og høyskoleloven, utdanningstøttesloven, fagskoleloven og yrkeskvalifikasjonsloven mv. (samleproposisjon) Prop. 111 L (2020-2021). Henta frå

# Vedlegg: Spørjeskjema

---

## NETTPEDAGOGISK KOMPETANSE I FAGSKULEN

Velkommen til spørjeundersøking om nettundervisning i høgare yrkesfagleg utdanning.

**Er du ...**

- Kvinne
- Mann

**Kor gamal er du?**

- Under 30 år
- 30-39 år
- 40-49 år
- 50-59 år
- 60 år eller meir

**Kva slags stilling har du ved fagskulen?**

*Fleire svar er mogleg.*

- Undervisningsstilling
- Utdanningsfagleg ansvarleg (tidlegare kalla pedagogisk ansvarleg)
- Fagleg ansvarleg
- Leiarstilling
- Anna stilling
- Ingen av desse

**Er undervisning ei av arbeidsoppgåvene dine?**

- Ja
- Nei

**Kva er ditt tilsetjingsforhold?**

- Fast stilling
- Midlertidig stilling
- Timekontrakt (er innleigd/timelærar)

**Arbeider du andre stader i tillegg til ved fagskolen?**

*Fleire svar er mogleg.*

- Ja, i relevant arbeidsliv
- Ja, i vidaregåande skule
- Ja, ved høgskule/universitet
- Ja, ved annan fagskule
- Ja, anna
- Nei



**Kor mykje av undervisninga di ved fagskulen er nettbasert under covid-19-pandemien?**

- All
- Over halvparten
- Omtrent halvparten
- Under halvparten
- Ingen

**Underviser du på eit nettbasert fagskulestudium utanom covid-19-pandemien?**

*Med nettbaserte studium meiner vi studiar der all, eller deler av undervisninga skjer via internett.*

- Ja
- Nei

**Kor mykje av undervisninga di ved fagskulen er nettbasert, utanom covid-19-pandemien?**

- All
- Over halvparten
- Omtrent halvparten
- Under halvparten
- Ingen
- 
- Ikkje relevant

**Vi er no interesserte i korleis undervisar og student samhandlar i det nettbaserte studiet du underviser i, utanom covid-19-pandemien.**

**Kva for nokre av alternativa i lista under blir nytta?**

*Fleire svar er mogleg.*

*I synkron undervisning deltar undervisar og student samtidig (i sanntid). I asynkron undervisning kan studenten bruke læringsressursane når som helst (ikkje sanntid).*

- Fysiske samlingar
- Synkron undervisning på nett
- Asynkron undervisning på nett
- Synkron rettleiing på nett
- Asynkron rettleiing på nett
- Anna, skriv inn \_\_\_\_\_
- Ingen av desse

**Kor mange års undervisningserfaring har du?**

- Ingen erfaring
- 0-2 år
- 3-5 år
- 6-10 år
- 11-20 år
- 21-30 år
- Over 30 år

**Kor mange års erfaring har du med nettbasert undervisning?**

- Ingen erfaring
- 0-2 år
- 3-5 år
- 6-10 år
- 11-20 år
- 21-30 år
- Over 30 år

**Nedanfor står nokre påstandar om nettundervisning i emnet/emna du underviser i. Ut frå ditt perspektiv, kor einig eller ueinig er du i påstandane?**

*Dersom du underviser i fleire emne, svarar du for eit av dei du underviser mest i.*

	Heilt einig	Litt einig	Verken eller	Litt ueinig	Heilt ueinig
Deler av emnet er godt eigna for nettundervisning	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Heile emnet er godt eigna for nettundervisning	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Nokre deler av emnet bør undervisast ansikt til ansikt	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Det finst fordelar med å undervise emnet på nett	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**Samanlikna med stadbasert undervisning (ansikt til ansikt), korleis vurderer du læringsutbyttet ved nettundervisning?**

- Mykje betre
- Betre
- Like godt
- Dårligare
- Mykje dårlegare

**Samanlikna med situasjonen før covid-19-pandemien, ynskjer du at meir eller mindre av di undervisning skal skje på nett etter pandemien?**

- Mykje meir
- Meir
- Like mykje
- Mindre
- Mykje mindre

**Ver venleg å ta stilling til fylgjande påstandar:**

	Heilt einig	Litt einig	Verken eller	Litt ueinig	Heilt ueinig
Eg kjenner meg trygg på korleis eg skal bruke dei digitale verktyøya skulen har tilgjengeleg til nettbasert undervisning	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg er motivert for å vidareutvikle god nettbasert undervisning	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**I kor stor grad gjer du følgjande i den nettbaserte undervisninga du gjennomfører?**

	I svært stor grad	I stor grad	Verken stor eller liten grad	I liten grad	I svært liten grad
Skaffar deg oversikt over studentanes føresetnader og faglege interesser ved oppstarten av eit studium	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Legg til rette for at studentane blir kjent med kvarandre	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Legg til rette for at studentane kan samarbeide fagleg i nettundervisninga	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Ber om tilbakemelding frå studentane på korleis den nettbaserte opplæringa bør leggjast opp	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**Ver venleg å ta stilling til fylgjande påstandar om studentane i den nettbaserte undervisninga:**

	Heilt einig	Litt einig	Verken eller	Litt ueinig	Heilt ueinig
Eg har inntrykk av at det er eit godt læringsmiljø blant studentane eg gir nettbasert undervisning til	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Studentane får raskt hjelp dersom dei ikkje får til dei digitale verktøya	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Studentanes deltaking i det faglege arbeidet er betre i nettbasert undervisning enn i stadbasert undervisning	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg opplever det som utfordrande å få til god dialog med studentane i synkron nettundervisning	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg opplever «svarte skjermar» som ei betydeleg utfordring i undervisninga (at studentane skruv av eige kamera i synkron undervisning)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**Vi er no interesserte i støtta du får frå fagskulen til ditt arbeid med nettbasert undervisning. Kor god støtte/rettleiing opplever du å få når det gjeld ...**

	Svært god	God	Verken eller	Dårleg	Svært dårleg
... val og pedagogisk bruk av ulike digitale verktøy i undervisning, læring og vurdering?	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
... produksjon av innhald til digitale læringsressursar (t.d. simuleringar, video, podcast eller læringsstiar)?	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
... bruk av programvare og teknisk utstyr i klasserom?	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**Har du nokon av følgjande arbeidsoppgåver i skuleåret 2020/ 2021?**

*Fleire svar er mogleg.*

- Produksjon av undervisningsmateriell til nettundervisning
- Avsett arbeidstid til å hjelpe andre lærarar med nettundervisning
- Deltaking i prosjektgruppe knytt til utvikling av nettbasert undervisning
- Ingen av desse

**Vi ber no om at du tek stilling til fylgjande påstandar:**

	Heilt einig	Litt einig	Verken eller	Litt ueinig	Heilt ueinig
I mi avdeling/faggruppe/team er det interesse og engasjement for nettbasert undervisning	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I mi avdeling har me nyttige faglege diskusjonar om korleis drive nettbasert undervisning	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Leiinga ved fagskulen er engasjert i å sikre nettbasert undervisning av høg kvalitet	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Leiinga ved fagskulen legg til rette for samarbeid og deling av erfaringar knytt til nettbasert undervisning	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Fagskulen har eit systematisk opplegg for å utvikle lærarane sin digitale og utdanningsfaglege kompetanse	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**Vi er no interesserte i di meining om dei digitale verkøya som din skule brukar i undervisninga. I kva grad synes du at ...**

	I svært stor grad	I stor grad	Verken stor eller liten grad	I liten grad	I svært liten grad
... tilgangen til digitale undervisningsverktøy er god nok?	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
... skulen har valt gode verkøya?	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
... verkøya er valt ut ifrå ei pedagogisk grunngeving?	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
... du sjølv har tilstrekkeleg innverknad på skulens val av digitale verkøya?	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
... studentane har fått gje tilbakemelding på korleis dei digitale verkøya fungerer?	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**Har du formell utdanning i pedagogikk?**

*Med formell utdanning meiner vi studiepoenggivande grader eller emne ved ein akkreditert utdanningsinstitusjon.*

- Ja, har fullført utdanning tidlegare
- Ja, er i gang, men har ennå ikkje fullført
- Nei

**Kva for lærerutdanning/pedagogisk utdanning har du, eller er du i gang med?**

*Fleire svar er mogleg.*

- Praktisk pedagogisk utdanning (PPU) for yrkesfag (60 studiepoeng)
- Annan praktisk pedagogisk utdanning (PPU) (60 studiepoeng)
- Universitets-/høgskolepedagogikk (> 60 studiepoeng)
- 3-årig lærerutdanning (f.eks. yrkesfaglærer eller faglærerutdanning)
- 4-årig lærerutdanning (for eksempel allmennlærerutdanning)
- 5-årig lærerutdanning (for eksempel barnehagelærer-/grunnskolelærerutdanning)
- Annan 5-årig masterutdanning innen pedagogikk/yrkespedagogikk
- Anna, skriv inn \_\_\_\_\_

**Har du formell nettpedagogisk kompetanse?**

Med formell utdanning meiner vi studiepoenggivande grader eller emne ved ein akkreditert utdanningsinstitusjon.

- Ja, mastergrad innan nettpedagogikk
- Ja, bachelorgrad innan nettpedagogikk
- Ja, som eit emne/fag i eit gradsstudium
- Ja, enkeltemne
- Nei

**Har du deltatt i kurs i nettpedagogikk som ikkje var studiepoenggivande (ikkje-formell kompetanse)?**

Fleire svar er mogleg.

- Ja, holdt av lærarar/kollegaer fra egen skole
- Ja, holdt av eksterne undervisere/foredragsholdere
- Anna, skriv inn \_\_\_\_\_
- Nei

**Når det gjeld kompetanseutvikling knytta til nettundervisning, har arbeidsgjevaren din tilbydd deg følgjande?**

Fleire svar er mogleg.

- Opplæring i digitale verktøy
- Opplæring i nettpedagogikk
- Fritak frå undervisning for å delta i opplæring/utdanning/kurs i nettpedagogikk
- Dekt kostnadar for å delta i utdanning/kurs i nettpedagogikk
- Anna, skriv inn \_\_\_\_\_
- Nei

**Du svarte at arbeidsgjevaren din har tilbydd deg opplæring i nettpedagogikk. Var denne opplæringa obligatorisk?**

- Ja
- Nei

**Du svarte at arbeidsgjevaren din har tilbydd deg eit eller fleire kompetansehevingstiltak i nettpedagogikk. Når fekk du dette tilbodet?**

- Før pandemien
- Under pandemien
- Både før og under pandemien

**Korleis vil du vurdere din kompetanse i ...**

	Høg kompetanse	Nokså høg kompetanse	Middels kompetanse	Nokså lav kompetanse	Lav kompetanse
... nettpedagogikk?	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
... bruk av verktøy for gjennomføring av nettutdanning?	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**I kor stor grad har følgjande bidrege til din kompetanse i nettpedagogikk?**

	I svært stor grad	I stor grad	Verken stor eller liten grad	I liten grad	I svært liten grad	Ikkje relevant
Prøving og feiling	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Deltaking i utviklingsprosjekt	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Rettleiing frå kollega	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Samarbeid og diskusjon med kolleger.	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Studiepoenggjevande vidareutdanning ved høgskule eller universitet	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Ikkje- studiepoenggjevande kurs	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Anna, skriv inn _____	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**Ynskjer du å få meir opplæring i nettpedagogikk?**

- Ja  
 Nei

**Korleis ville du føretrekkje å tileigne deg meir kompetanse i nettpedagogikk?**

*Fleire svar er mogleg*

- Vidareutdanning ved høgskule eller universitet  
 Kurs/seminar  
 Internopplæring på arbeidsplassen  
 Anna, skriv inn \_\_\_\_\_

**Tusen takk for at du har svart på undersøkinga.  
Dersom du har anna å tilføye, kan du skrive det inn her.**

*Dersom du ikkje ynskjer å skrive inn noko, kan du gå vidare.*



IDEAS2EVIDENCE  
Bygger kunnskap

Intern